



Årsmelding 2022 med rekneskap



Foto: Volleyballgruppa

Idretts glede heile livet

Formenn i laget

| | |
|-------------------------|---------|
| Leif Tonning | 1914–15 |
| Magnus Jansen | 1916–17 |
| Bjarne Dahl | 1918–19 |
| Harald Nordenborg | 1920–25 |
| Magne Mugås | 1926 |
| Harald Nordenborg | 1927–28 |
| Tor Haugland | 1929–30 |
| Harald Nordenborg | 1931 |
| Ludvig Ytterdal | 1932–33 |
| Halvdan Hystad | 1934–36 |
| John Fadnes | 1937–39 |
| Reidar Hystad | 1940 |
| John Fadnes | 1945 |
| John Engelsen | 1946–47 |
| Reidar Hystad | 1948 |
| John Fadnes | 1949–51 |
| Trygve Grøsvik | 1952–53 |
| Amund Engelsen | 1954 |
| Svein Barmen | 1955–58 |
| Trygve Grøsvik | 1959–61 |
| Johann Belsvik | 1962–67 |
| Eyvind Haugland | 1968–79 |
| Gudmund Sørensen | 1980–83 |
| Eyvind Haugland | 1984–86 |
| Harald Karlsson | 1987–95 |
| Hans Aaserud | 1995–98 |
| Jarle Myklebust | 1999–00 |
| Marit Sætre Cuickshanks | 2001–02 |
| Henning R. Iversen | 2003–11 |
| Magne Jostein Mikkelsen | 2012–15 |
| Nina H. Sleen | 2016–18 |
| Roy Sverre Amundsen | 2019– |



ÅRSMELDING 2022

Dagsorden årsmøte 2023.

1. Opning
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer
4. Val av møtereferent
5. Val av to representantar til underskrift av protokoll
6. Godkjenning av forretningsordenen
7. Godkjenning av innkalling
8. Godkjenning av sakslista
9. Årsmelding frå hovestyret, med økonomisk melding frå styret
 - 9.1 Årsmelding frå gruppene
 - 9.2 Melding frå Idrettsmerkeutvalet
 - 9.3 Årsmelding frå allianseidrettslag
10. Godkjenning av årsregnskap frå hovetlaget
 - 10.1 Grupperegnskap
11. Kontrollutvalet sin melding
12. Revisjonsberetning
13. Innkomne forslag
14. Fastsetje medlemskontingent for 2024 + treningskontingent for 2023
15. Godkjenning av budsjett 2023 for hovetlaget og gruppene
16. Handsame organisasjonsplanen for Stord IL
 - 16.1 Godkjenning av gruppestyra
17. Valkomiteen si innstilling
18. Val av revisor
19. Avslutning

GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN ÅRSMØTE STORD IL

Styret sitt forslag:

6.1 Årsmøtet vert leia av den valde dirigenten. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.

6.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.

6.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.

6.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

Hovedstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner forslag til forretningsorden.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



STORD IDRETTSLAG

ÅRSMELDING 2022

STYRET I STORD IDRETTSLAG

| | |
|---------------------------|-------------------------------------|
| Roy-Sverre Amundsen | Styreleiar |
| Kjartan Grov | Nestleiar |
| Anne Sissel Mugaas | Styremedlem |
| Torger Tvedten | Styremedlem |
| Kjell Håvard Belsvik | Styremedlem |
| Tuva Haga Skibenes | Styremedlem – «Ungdomsrepresentant» |
| Elisabeth Nonås Fylkesnes | Varamedlem |

Styret takker ungdomsrepresentanten Tuva Haga Skibenes for innsatsen gjennom to år. Det har vore viktig og lærerikt for styret å ha ein reflektert ungdom «med på laget». Tuva har deltatt på «Leiarkurs for ungdom 15-19 år» i regi av Vestland Idrettskrets, og hadde «praktisk eksamen» med J15 og J16 med totalansvar for planlegging og gjennomføring av ei intern fotballturnering. Stord Idrettslag ønskjer Tuva lukke til vidare med utdanning og jobb.

HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2022 hatt 6 styremøte. Gruppeleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 2 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon. Møteaktiviteten etter Covid 19 har normalisert seg i løpet av 2022.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 / 2019 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene si åtferd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret, og revidert i 2021. Revidert strategiplan vert tatt opp med gruppene i løpet av 2023.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2022 ei samla årleg leige på ca. kr. 1 400 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar. Prosessen med reforhandling av avtalen er ikkje avslutta, men ventast å vere signert i løpet av 2023.



Stord Idrettslag har ved fleire høve dei siste åra oppmoda Stord kommune om å avvikle betaling av leie for kommunale bygg og anlegg utan at det korkje administrativt eller politisk er tatt initiativ til ei endring. Det er etter styret sitt syn eit paradoks at Stord kommune, i ei tid med fråfall frå organisert idrettsaktivitet og problematisk kvardagsøkonomi for mange, krev 1,4 mill. kr. i medlemsfinansiert husleige for offentleg bygg og anlegg. Dette gjeld sjølvstøtt ikkje berre Stord Idrettslag, men alle frivillige lag og organisasjonar i Stord kommune.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne i bygga og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås, samt garderobeanlegga på Langeland og Vikahaugane.

Skigruppa i Stord Idrettslag har ansvaret for drift og vedlikehald av lysløypa og betaler straum og andre driftskostnader utan nokon form for økonomisk bidrag frå Stord kommune. Det same gjeld køyring av løyper med skigruppa sin løypemaskin utanom lysløypa. Ein formidabel dugnadsjobb som legg til rette for alle som brukar dagane med snø til turar i velpreparerte løyper. Det høyrer med til «historien» at også drift og vedlikehald av rulleskiløypa i Prestegardskogen er skigruppa sitt ansvar.

Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eiger, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen er gjort gjeldande for skeisesesongane 2019 / 2020, 2020 / 2021 og 2021 / 2022, og er vidareført til skeisesesongen 2022 / 2023. Det sportslege resultatet har vore særst bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen er ein arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen og er eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå november til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisebanen har også i den sesongen som vart avslutta i mars 2023 vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgon til kveld».

Mellom anna har barnehagar, barneskular, ungdomskular og vidaregåande skular i heile Sunnhordland nytta skeisebanen på føremiddagen og i skuletida; eit sokalla gratis «lågterskeltilbod» tilrettelagt på dugnad av eldsjelene i skeisegruppa til Stord Idrettslag.

Organiseringa som eit allianseidrettslag.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball og Stord Orientering er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer tilfredsstillande. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp. Stord Symjing vart etter vedtak på årsmøte i 2022 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2023.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Stord Orientering vert etter vedtak på årsmøte i 2023 tatt opp som eiga gruppe i Stord Idrettslag med verknad frå 01.01.2024.

Det vil soleis berre vere Stord Fotball som er att som sjølvstendig klubb i alliansen. Resten av laga er følgjeleg ei gruppe i Stord Idrettslag.

ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAGA

Årsmeldingane frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Symjegruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa

Årsmeldingane for allianseidrettslaga er inkludert i denne årsmelding, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.

Styret sett stor pris på at symjegruppa, som tidlegare nemnd, kom tilbake til hovedlaget etter årsmøtevedtaket i 2022.

Allianseidrettslaga

- Stord Fotball
- Stord Orientering

Styret i Stord Idrettslag er særst nøgd med at Stord Orientering ønskjer seg tilbake som ei sjølvstendig gruppe til Stord Idrettslag. Saka vert handsama på årsmøte i mars 2023.

Stord Idrettslag sitt samfunnsansvar – «breidde og topp»

Det er all grunn til å gleder seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.



MEDLEMSTAL OG COVID-19.

Dagleg leiar har over tid lagt ned mykje arbeid for å få eit system som til ei kvar tid sikrar oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Dette er eit krevjande arbeid som krev kontinuerleg fokus.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særst godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag 1 863 medlemmar pr 31.12.2022, medan medlemstalet pr. 31.12.2021 var 1 893, pr. 31.12.2020 var 2 023 og pr. 31.12.2019 var 2 161).

Av medlemsmassen er det 619 jenter pr 31.12.2022 mellom 3 og 19 år. Tilsvarende var det 664 jenter pr 31.12.2021 - 637 jenter pr. 31.12.2020 - 769 jenter pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Av medlemsmassen er det 621 gutar pr 31.12.2022 mellom 3 og 19 år. Tilsvarende var det 620 gutar pr 31.12.2021 - 645 gutar pr. 31.12.2020 og 709 gutar pr. 31.12.2019 mellom 3 og 19 år.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.

Styret og dagleg leiar har i løpet av 2020, 2021 og 2022 vore i kontinuerleg dialog med gruppene for få ein oversikt over konsekvensane av nedstenginga, og dei avgrensingane som Covid-19 har medført når det gjeld organisert idrettsleg aktivitet. Det er ingen tvil om at Covid-19 har medført eit stort fråfall i barne og ungdomsidretten, og at det ikkje har vore mogleg å få alle tilbake i organisert aktivitet. Dette gjeld ikkje spesielt for Stord Idrettslag, men ein generelt tendens i heile landet. Stord Idrettslag har som mål å utarbeide ein analyse innan utgangen av 2023 kor ein synleggjer dei faktiske konsekvensane som Covid-19 har hatt for medlemstal og aktivitet. Analysen vil vere grunnlaget for ein overordna tiltaksplan kor heile idrettslaget vert involvert i arbeidet med å motivere og stimulere til auka fysisk aktivitet for born og ungdom. Stord Idrettslag vonar at Stord kommune vil bidra aktivt saman med oss i prosessen med å normalisere og stimulere idrettslivet når pandemien ikkje lenger avgrensar vår handlefridom.

ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikhaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikhaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkefølgjen er avgjerande for ei effektiv og framtidsretta arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert. Stord Idrettslag har saman med Stord kommune eit felles mål om å starte bygginga av Ishallen våren 2024.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Stord kommune har i samband med sine investeringsbudsjett for perioden 2022 – 2025 vedtatt bygging av ein «dobbel-hall» som erstatning for Rackethallen i samsvar med arealanalysen. Stord Idrettslag er invitert til å delta i den kommunale prosjektgruppa som skal utarbeide forprosjekt for den nye hallen.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikahaugane for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2023. I arealanalysen for Vikahaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

Styret har registrert at planane om rehabilitering eller påbygg av symjehallen i sentrum av Leirvik ikkje er realiserbar. Arealanalysen viser at det er plass til eit nytt symjeanlegg på Vikahaugane i arealet mellom ny «dobbel-hall» og parkeringsplassen i sør ved Stord Hotell; eit «standard anlegg» etter symjeforbundet sine normer med eit konkurransebasseng med 8 banar, to opplæringsbasseng og tribune med plass til 300 tilskodarar. Stord kommune har i samband med budsjett for 2023 og økonomiplanen for perioden 2023 – 2026 vedtatt at det skal utarbeidast ein forstudie for vurdering av alternative løysingar og lokalisering av ny svømmehall. Kommunestyret har vedtatt at lokaliseringa, slik den er fremja i arealanalysen for Vikahaugane, skal vere eit av alternativa som skal vurderast i forstudien.

Kommunestyret har sett av kr. 5 250 000 til rehabilitering av Stord stadion, grasbanen og friidrettsarenaen i 2025. Styret vil jobbe aktivt for at dette arbeidet ikkje vert utsett nok ein gong.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga. Mellom anna har volleyballgruppa saman med Stord kommune bygd og finansierte nye sandvolleyballbanar i Nordbygda til stor glede både for medlemmane i Stord Idrettslag og andre «volleyballentusiastar som liker sand mellom tærne».



EKSRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Det vart halde ekstraordinært årsmøte i «Idrettsstova» på Vikahaugane torsdag 15.12.2022. Styret fremja sak for årsmøte om kjøp av lagerbygg, lagerseksjon g.nr. 41, b.nr. 187, seksjonsnr. 18 på Vabakkjen.

Lagerbygget skal nyttast til lager for utstyr og materiell som årleg nyttas i samband med Handballfestivalen. Det vert inngått leigeavtale mellom Stord Idrettslaget (hovudlaget) og Stord Handball med bakgrunn i årlege drift – og finanskostnader for bygget.

Forslag frå styret til vedtak i ekstraordinært årsmøte, sitat :

- 1. Årsmøte godkjenner at Stord Idrettslag kjøper lagerseksjon g.nr. 41, b.nr. 187, seksjonsnr. 18 på Vabakkjen frå Sunnhordland Seksjonsbygg AS for kjøpesum kr. 1 251 688 inklusive dokumentavgift og tinglysingsgebyr.*
- 2. Samla investering kr. 1 350 000 vert finansiert med låneopptak i Sparebanken Vest med kr. 1 000 000 og bruk av egenkapital kr. 350 000. Årsmøtet godkjenner låneopptak på kr. 1 000 000 i Sparbanken Vest med ei nedbetalingstid på inntil 10 år.*
- 3. Årsmøte godkjenner at Stord Idrettslag stiller pant pålydende kr. 1 000 000 i lagerseksjon g.nr. 41, b.nr. 187, seksjonsnr. 18 på Vabakkjen som sikkerheit for lånet.*
- 4. Styreleiar og ett styremedlem signerer i fellesskap lånedokumenter og kjøpekontrakt med Sunnhordland Seksjonsbygg AS.*

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Lagerbygget er no innreia med mesanin etter omfattande dugnadsinnsats frå medlemmar i Stord Idrettslag, og tatt i bruk av Stord Handball. Styret takker for profesjonell utføring og ein super dugnadsjobb !



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2022 med tilfredsstillande resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2022, med unnatak av dei to gruppene som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

STORD IDRETTSLAG - SAMLA

| RESULTATREKNESEKAP | 2022 | 2021 |
|---|---------------|----------------|
| Driftsinntekter og driftskostnader | | |
| Driftsinntekter | - 13 470 303 | - 9 125 901 |
| Driftskostnader | 13 454 341 | 8 282 463 |
| Driftsresultat | 15 962 | 843 438 |
| Resultat av finanspostar | 46 517 | 10 571 |
| Årsresultat (overskot) | 62 479 | 854 009 |
| Overføringer | | |
| Avsett til «SIL Støttefond» | 0 | 0 |
| Avsett til anna eigenkapital | 62 479 | 854 009 |
| Sum disponert | 62 479 | 854 009 |

Resultatrekneskapen viser eit årsresultat for 2022 med eit positivt årsresultat med kr. 62 479.

Overskotet, kr. 62 479, vert avsett til annan eigenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



| BALANSE | 2022 | 2021 |
|-------------------------------------|-------------------|-------------------|
| EIGEDLAR | | |
| Anleggsmidler | | |
| Varige driftsmidler | 619 800 | 663 800 |
| Finansielle anleggsmidler | 90 000 | 90 000 |
| Sum anleggsmidler | 709 800 | 753 800 |
| Omløpsmidlar | | |
| Fordringar | 863 737 | 1 979 146 |
| Investeringar | 0 | 0 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande. | 12 609 565 | 9 915 797 |
| Sum omløpsmidlar | 13 473 302 | 11 894 695 |
| SUM EIGEDLAR | 14 183 102 | 12 648 743 |

| BALANSE | 2022 | 2021 |
|----------------------------------|-------------------|-------------------|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Eigenkapital | | |
| SIL Støttefond | 50 000 | 50 000 |
| Anna eigenkapital | 12 598 665 | 11 684 212 |
| Sum eigenkapital | 12 648 665 | 11 734 212 |
| Gjeld | | |
| Leverandørgjeld | 226 355 | 127 748 |
| Skyldig offentlege avgifter | 312 071 | 431 211 |
| Anna kortsiktig gjeld | 996 010 | 355 572 |
| Sum gjeld | 1 534 436 | 914 531 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 14 183 102 | 12 648 743 |



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

| RESULTATREKNESKAP | 2022 | 2021 |
|---|----------------|----------------|
| Driftsinntekter og driftskostnader | | |
| Driftsinntekter | - 3 300 538 | - 2 947 995 |
| Driftskostnader | 2 963 038 | 2 446 956 |
| Driftsresultat | 337 500 | 501 038 |
| Resultat av finansposter | 13 936 | 2 170 |
| Årsresultat (overskot) | 351 436 | 503 208 |
| Overføringer | | |
| Avsett til anna egenkapital | 351 436 | 503 208 |
| Avsett til «SIL Støttefond» | 0 | 0 |
| Overført fra anna egenkapital | 0 | 0 |
| Sum disponert | 351 436 | 503 208 |

Resultatrekneskaper viser eit årsresultat for 2022 med eit positivt årsresultat med kr. 351 436.

Overskotet, kr. 351 436, vert avsett til annan egenkapital

SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



| BALANSE | 2022 | 2021 |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
| EIGEDLAR | | |
| Anleggsmidler | | |
| Varige driftsmidler | 173 200 | 0 |
| Finansielle anleggsmidler | 90 000 | 90 000 |
| Sum anleggsmidler | 263 200 | 90 000 |
| Omløpsmidlar | | |
| Fordringar | 1 214 214 | 773 363 |
| Investeringar | 0 | 0 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande. | 2 638 385 | 2 414 220 |
| Sum omløpsmidlar | 3 872 599 | 3 187 583 |
| SUM EIGEDLAR | 4 135 799 | 3 277 583 |

| BALANSE | 2022 | 2021 |
|----------------------------------|------------------|------------------|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Eigenkapital | | |
| SIL Støttefond | 50 000 | 50 000 |
| Anna eigenkapital | 3 179 192 | 2 827 756 |
| Sum eigenkapital | 3 229 192 | 2 877 756 |
| Gjeld | | |
| Leverandørgjeld | 159 023 | 44 198 |
| Skyldig offentlige avgifter | 169 704 | 231 531 |
| Anna kortsiktig gjeld | 577 879 | 124 098 |
| Sum gjeld | 906 606 | 399 827 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 4 135 799 | 3 277 583 |



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Revisjon og rekneskap.

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskapsskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2022 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

SAMFUNNSREKNESKAP – FOLKEHELSEPERSPEKTIVET TILBAKEBLIKK OG FRAMBLIKK

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for fyrste gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meiningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dugnadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune.

Stord Idrettslag har tatt saka opp med Stord kommune ved fleire høve; sist som kommentar til budsjettforslaget for 2023 med ei oppmoding om at tilskotet vert gjort gjeldande igjen frå 2023.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er særskilt viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meiningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen.

Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «liggje i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.



Styret er stolt og audmjuk over den måten dei tilsette, tillitsvalte og medlemmane i Stord Idrettslag har halde saman i ei særskild krevjande tid dei siste tre åra. Saman har vi klart å følgje og etterleve dei forventningar som samfunnet har kravd av oss gjennom samhald og respekt for dei retningslinene og reglane som pandemien har utløyst.

HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslaga har ei felles startside på nettportalen sin. Nokre av gruppene har gjennom sine idrettar malar som dei sjølv har skapt og har ansvaret for å følgje opp. Oppdatering av gruppene sine eigne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startside. Styret har tidlegare vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget. Arbeidet ventast å vere fullført i løpet av 2023.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaga er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag er, med sine i underkant av 1900 medlemmar samt tillitsvalde og frivillige, saman med dei andre idrettslaga og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar ein skild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønske at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaga om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenarar, lagleiarar og frivillige for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2022.

ARBEIDSMILJØ OG IDRETTSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

I frivillige organisasjonar kan det vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene og allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»

BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meining og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemd påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane i løpet av 2023.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt dotterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahaugane.

Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

Styret har starta ein prosess med utgangspunkt i FN sine berekraftmål fram til 2030. Norges Idrettsforbund har i sine langtidspanar mål om at idrettsrørsla i Noreg skal drivast i samsvar med FN sine berekraftmål. Styret har i 2022 utarbeidd forslag til «*Bærekraftplan for Stord Idrettslag*». Styret vil involvere gruppene og allianseidrettslaga vidare i prosessen med bærekraftplanen i løpet av hausten 2023.



ETTERORD

«Når historia for 2020, 2021 og 2022 skal skrivast.»

Årsmeldinga for Stord Idrettslag skal gi eit historisk tilbakeblikk på kva idrettslaget sine medlemmar har oppnådd gjennom aktivitet og konkurranse.

Årsmeldinga for dei tre siste åra har vore prega av ei tid kor fokuset er flytta frå idrettslege prestasjonar og fysisk aktivitet til «*korleis overleve ein pandemi.*»

Dei nærmaste åra vil vise dei reelle konsekvensane av at born og ungdom ikkje har hatt fridom til å gjere kva dei vil i eit samfunn med sterke restriksjonar og sanksjonar.

Det er soleis berre historia og ettertida som vil vise om idretten, lokalt, regionalt og sentralt, har hatt evne og vilje til å overvinne ein usynleg og snikande «motstandar» kor muskelkraft og kondisjon ikkje vert avgjerande om ein vinn eller tapar.

No kan me alle endeleg sjå framover under mottoet «*Idrettsglede heile livet.*»

Vi gleder oss til det som kjem dei neste månadane; «HobbyVolley», «Stolpejakta», Turnstemner, Sunnhordland Maraton, Handballfestivalen, Stordleikane, Puttefestivalen og alle dei terminfesta arrangementa som vil normalisere vår idrettskvardag i løpet av 2023.

Idrettsglede heile livet

Stord mars 2023

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

Kjartan Grov
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas
Styremedlem

Torger Tvedten
Styremedlem

Tuva Haga Skibenes
Styremedlem

Kjell Håvard Belsvik
Styremedlem



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjørn Lindgård

Daglig leder

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5994-4-481361
IP: 81.167.xxx.xxx
2023-03-27 06:20:33 UTC



Tuva Haga Skibenes

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5997-4-4490307
IP: 93.94.xxx.xxx
2023-03-27 07:15:53 UTC



Kjartan Bjelland Grov

Nestleder

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5993-4-1742780
IP: 77.16.xxx.xxx
2023-03-27 08:30:35 UTC



Roy Sverre Amundsen

Styreleder

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5997-4-152087
IP: 81.166.xxx.xxx
2023-03-27 08:39:23 UTC



Torger Magne Tvedten

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5993-4-2147176
IP: 84.234.xxx.xxx
2023-03-27 09:09:49 UTC



Anne Sissel Mugaas

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: 9578-5993-4-2447592
IP: 85.200.xxx.xxx
2023-03-27 09:33:38 UTC



Kjell Håvard Belsvik

Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag
Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-2695591
IP: 146.2.xxx.xxx
2023-03-27 11:28:29 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: UTW0A-MDMFX-UCSVX-6ZJ5-PJBZW-XL 147

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Sak 9.1 Årsmelding fra gruppene.

Sak 9.1.1 Håndballgruppa

Sak 9.1.2 Friidrettsgruppa

Sak 9.1.3 Turngruppa

Sak 9.1.4 Skigruppa

Sak 9.1.5 Skeisegruppa

Sak 9.1.6 Volleyballgruppa

Sak 9.1.7 Stord Symjing

Sak 9.1.8 Idrettsmerket

Sak 9.2 Årsmelding fra allianseidrettslag.

Sak 9.2.1 Stord Fotball

Sak 9.2.2 Stord Orientering



ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2022



Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2022



Styret 2022

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Jørn-Rune Bruun
- Sport: Are Hagen Holsvik
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Arrangement: Marthe Olsson
- Inkludering: Ellen Salomonsen

Styret har hatt månedlege styremøte i 2022. Det har òg vore ei rekkje oppmannsmøte for å sikre best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Økonomi

To år med redusert aktivitet grunna koronapandemien har gitt tøffare vilkår for økonomien i Handballgruppa. Det har vore en nedgang i medlemsmassen i gruppa og driftskostnadane forbunde med å drive en klubb har auka i takt med kostnadane i resten av samfunnet. Etter to år utan å kunne arrangere Handballfestivalen, fekk me endeleg arrangert ein fantastisk festival i 2022, noko som gav klubben gode inntekter. Dette, i lag med god innsats frå klubbadministrasjonen, gjorde at handballgruppa snudde eit underskot i 2021 til eit godt overskot for 2022. Ein stor del av dette overskotet kjem som følge av koronamidlar som vart bokførte i 2022 i staden for 2021 som dei eigentleg høyrer til. Ein kan på den måten sjå resultata frå 2021 og 2022 litt under eitt.

Det auka kostnadsnivået i samfunnet som heilskap vert og noko som me må ta innover oss, og me har stort fokus på å halde kostnadane til våre spelarar nede i desse tider. Då me får auka kostnader, må me sjå rundt oss for løysingar for å unngå å måtte auke treningsavgifter og liknande, som får direkte konsekvens for spelarar og føresette. Eit auka kostnadsnivå kan i ytste konsekvens føre til at spelarar og føresette ikkje har råd til å delta i aktivitetane våre og endar opp med å slutte med handball. Til tross for at det finst gode støtteordningar som kan hjelpe den enkelte i slike situasjonar, veit me likevel at det er barrierar i å avdekke dette og få sett inn tiltak.

Det er ingen grunn til å tru at kostnadsnivået vert lågare framover. Me må difor sjå forbi eit godt resultat i 2022 og halde fram med kostnadsfokus og forsøke å auke sponsorinntektene våre slik at me og framover kan vera robuste og kapable til å halde fram og vidareutvikla eit godt tilbod til medlemmene våre.

Verv utenom klubben

Bjarte Straume Epland sit framleis som styremedlem i Norges Håndballforbund Region Vest og Franny Maria Bøthner sit i valkomiteen. Klubben er svært nøgd med å ha representantar inn i styret i Region Vest!



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Administrativt tilsette

Me har i perioden auka Ann-Helen Hareide si stilling på Handballkontoret til 100%. Dette er gjort for å styrke klubben på driftssida, som me ser vert stadig viktigare for kvart år. Hareide gjer ein svært god jobb og er eit viktig bindeledd mellom lag, utval og trenarar i klubben.

På slutten av 2022 vart Sebastian Bjørn Steffens tilsett i 100% stilling som Sportssjef i Stord Handball. Sebastian skal ha det totale sportslege ansvaret i klubben, og lede Sportsleg Utval. Klubben ser at vervet som sportsleg leiar dei siste åra har vakse til å bli for stort til at det kan utførast utelukka på dugnad, og me ser tilsettinga av Sebastian som eit viktig steg på vegen til å vidareutvikle klubben. Sebastian startar i jobben 1. mars 2023 og vil dele kontor med Ann-Helen, som igjen vil skape eit positivt arbeidsmiljø på Handballkontoret.

Medlemstal

Me er heldigvis over pandemien si direkte påverking på kvardagen vår, men me ser no kva desse åra har gjort og framleis gjer med medlemstala våre. I følge våre tal og berekningar har me mista over 100 medlemmar frå pandemien råka oss og fram til i dag. Dette representerer kring 17 % av den totale medlemsmassen vår og er sjølvstøtt svært dramatisk. Over halvparten av desse spelarane som har lagt handballen på hylla er i aldersspennet mellom 13 og 19 år.

Dette får då også sjølvstøtt ringverknadar opp til senior då desse aldri vert seniorspelarar, som igjen gjer at talet seniorspelarar går ned - og ikkje aukar slik me er avhengige av for å kunne bygge opp dette tilbodet på ein god måte. Dette er ei av dei største oppgåvene me som klubb no må ta tak i, og jobben med å snu denne trenden vil ha stort fokus i tida framover.

Me har vore påmeldt i ordinært seriespel (frå J/G10 og til og med senior) og minihandball for dei yngste, samt NM for senior og veteran – og me har hatt deltaking på regionsmeisterskapet i beach-handball.

| Alder | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26+ | Totalt |
|---------------|------------------|-----------------|---------------|------------------|------------------|
| Jenter /Damer | 178 (164) | 58 (92) | 3 (-) | 47 (50*) | 286 (306) |
| Gutar / Menn | 95 (112) | 37 (53) | 7 (-) | 46 (58*) | 185 (223) |
| Sum | 273 (276) | 95 (145) | 10 (-) | 93 (108*) | 471 (529) |

*Tal pr. 01.03.2023. Tal i parentes er for 2022. Ny oppdeling over 20 år gjer at me ikkje har rapportert likt før.
Då tala med * bak er totalt antal frå 20 år og eldre tidlegare)*

Inkluderings- og sosialt ansvarleg

Sosialt ansvarleg i Stord Handball skal sikra at klubben legg vekt på miljø, samarbeid og haldningsskapande arbeid knytt til aktiviteten vår. I dette arbeidet inngår handtering av politiattestar for alle frivillige og dommarar i klubben, samtykke til bildedeling og diverse førebyggjande tiltak.

Sosialt ansvarleg deltek også som støtte på foreldremøte, spelarmøte, i samtalar med utanomsportsleg fokus og liknande. Ellen Salomonsen har rolla som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball.

Kamparrangement

2022 starta som året før med noko avgrensingar i aktivitet grunna pandemien. Det var og denne gongen dei eldste som fekk testa tolmodet ei stund med avgrensing i aktivitet.

12. februar kom gladmeldinga me nesten ikkje trudde skulle kome; full gjenopning og ingen restriksjonar! Endeleg kunne me fylle hallen utan avstand mellom oss og endeleg kunne me skrike utan munnbind - for ei herleg kjensle!



J7 synst kampar er GØY!

Resten av året har rulla og gått med vaffelsteiking, heiarop og dugnadsinnsats. Dugnadsanda står om mogleg, sterkare enn nokon gong. Klubben takkar alle som bidreg til at barn og unge finn glede med handballen!

Handballskule

Rema 1000 Handballskule i regi av Stord Handball gjekk føre seg måndag til onsdag i vinter- og haustferien. Endeleg kunne me ha handballskule utan å tenkje på kohortar!



Handballskule er veldig kjekt!

I vinterferien var 80 barn i alderen 6 til 11 år i aktivitet fordelt på to hallar, medan det i haustferien var 82 barn med på handballskulen. Me har hatt venteliste både vinter og haust, og det er kjekt å sjå at dette er eit populært tilbod som gjer at barn og unge kjem igjen år etter år.


Det er seniortrenarane Mark Dahl og Sebastian Steffens som har hatt hovudansvar for innhaldet desse dagane. Dei har hatt med seg våre eigne seniorlag, og fått god hjelp frå spelarar frå 16-årslaga våre som ekstra ressursar.

Handballskulen er blitt ein del av vår årlege rutine, og me gler oss like mykje til kvar haust- og vinterferie!

Handballfestivalen

Pinsen vart endeleg normal att, då me etter to års fråvære kunne fylle Vikahaugane med tusenvis av spelarar, trenarar, dommarar, føresette og frivillige! 382 lag sette sitt etterlengta preg på Stord i starten på juni, og for oss som arrangørar var det utruleg å sjå folkehavet på nytt.

Det som og var gledeleg å sjå, var at arrangementet gjekk så knirkefritt som det gjorde etter to år utan aktivitet. Det er klart at ein merkar at organisasjonen er litt rusten etter to «friår», men maskineriet kom kjapt i gang og rulla i vant takt pinsen gjennom.



Handballfestivalen er vår diamant, og utruleg viktig for oss som klubb. Ikkje berre på grunn av det økonomiske, men for alt det festivalen står for – det samhaldet og gleda som alle frivillige utstrålar og deler med glade og fornøgde barn. Me ser at fallande medlemstal gjer at me får redusert våre dugnadsressursar, og to år med pandemi har gjort noko med dugnadsviljen i samfunnet. Dette er ei særskummel utvikling for vår del, då me er avhengige av denne utrulege dugnadsånden som me ser prov på kvar einaste pinse. Tusen takk til alle som bidreg før, under og etter Handballfestivalen – me håpar me sjåast igjen neste pinse!

HAFO

Endeleg kunne me tilby HAFO-cup igjen. Fredag 2. september blei det arrangert HAFO-cup for ungdomsskulane, og 17 lag frå Stord, Nordbygdo og Nysæter Ungdomsskule deltok denne kvelden. Nordbygdo vann på 8. og 9. trinn, medan 10. trinn blei vunne av Stord Ungdomsskule. Nytt av året var og andre kåringar enn berre vinnarar.



Vinnarlaget i 10. trinn frå Stord Ungdomsskule

Fair Play-prisen gjekk til Nysæter 8A, «Beste lag-outfit» gjekk til Stord 9D og «Beste stemningslag» gjekk til Stord 8D.

Fredag 23. november var det 1.-7. klasse sin tur for HAFO-cup. Heile 40 lag var påmelde, dei fleste skulane på Stord var representerte og eitt lag stilte frå Øvrebygda skule. Ein kjekk kveld på Vikahaugane med om lag 350 barn og unge i aktivitet. I barnehandballen si and hadde me ikkje kåringar av vinnarlag, men me hadde andre kåringar:

Fair Play

Rommetveit 5.1, Hystad 3B, Leirvik 2, Rommetveit 1 & Litlabø 7

Beste Heialag

Tjødnalio 1, Leirvik 3A, Rommetveit 4, Hystad 6B & Hystad 7A

Beste utkledding/draktar

Rommetveit 2.1, Hystad 5B, Hystad 5A, Langeland 7B & Rommetveit 7B

Beste representant frå Fitjar

Øvrebygda 7

Mini-, kortbane- og barnehandball

Hausten 2022 hadde me elleve jentelag og seks gutelag i minihandball-serien for born mellom 6 og 8 år. Laga i denne aldersklassen spelar kampar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter). På bana er det fire spelarar inkludert flygekeeper. Ein nyttar her mjuke ballar og små mål.

For spelarane i aldersgruppa 9 og 10 år er det kortbanehandball som gjeld. Dei spelar her på ein litt større bane enn i minihandball, og banen måler om lag 30 x 20 meter. Kortbanehandball skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Det er fem spelarar på bana inkludert flygekeeper. Det vert her spela med vanlege ballar og vanlige mål, men med nedsenka tverrleggjar. Me hadde hausten 2022 seks gutelag og sju jentelag påmeldt.



19 er ei av gruppene våre som har spelt kortbane-handball denne sesongen

I barnehandballen (born i alderen 11 og 12 år) hadde me hausten 2022 tre gutelag og sju jentelag påmeldt. Her vert det spela på full bane med seks utespelarar og fast målvakt. I 11-årsklassen spelar dei med nedsenka tverrleggjar, medan dei i 12-årsklassen spelar med vanleg mål. For denne aldersgruppa vert det spela med resultattavle, men det vert ikkje ført tabell.



Ungdomshandballen

Etterdønningane av pandemien har slått veldig negativt ut på ungdomshandballen. Me har opplevd ein stor nedgang i tal på spelarar frå 13 år og oppover, og me må stadig oftare slå saman årskull for å sikre store nok treningsgrupper. Diverre har me sett at ressursane i klubben i altfor stor grad må nyttast til å «slukke brannar» og kjempa for i det heile å ha eit tilbod til alle spelarane – i staden for at me kunne jobba målretta for å lage *best mogleg* tilbod til alle.

Dei som sit med ansvaret for å få alle puslebrikkane til å passe saman i Stord Handball, er klubben sitt Sportslege Utval. Dette er eit utval som har ansvar for at klubben handlar i tråd med sportsplanen og treff dei rette vala i vegen framover. Utvalet vert leia av Sportsleg leiar (som i 2022 har vore Bjarte Epland fram til årsmøtet og deretter Are Hagen Holsvik) og har hatt med seg Mikael Sjøgaard, Julianne Sellgren, Marianne Størkson, Sebastian Steffens og Tomasz Swiecki. Utvalet har hatt jamlege møter, og dei må løyse mange store og små utfordringar i den daglege drifta til klubben.

Me ønsker å engasjere ungdommane våre i stor grad i Stord Handball. Dette gjeld då først og fremst som trenarar og dommarar – men og i andre verv i klubben. Dette er noko som gir oss positive bidrag på alle måtar, me får løyst oppgåver for klubben, samtidig som me bidreg til personleg utvikling for den einskilde spelaren. Det er samstundes særskilt kulturbyggjande for oss som klubb – og me vil at det heller er regelen at ungdommane bidreg i roller utover spelarrolla, enn at dei ikkje gjer det.

Me legg framleis stor vekt på å utdanne trenarane våre, og har i 2022 og fått arrangert Trenar 1-kurs på Stord for første gang på fleire år. Det er særskilt gledeleg, og kjekt å sjå aktivitet og engasjement blant trenar-elevane. Mark Dahl har og i løpet av 2022 begynt på sin Trenar 3-utdanning, og me håper fleire av våre trenarar vil gå vidare i utdanningsløpet framover.

Sportsleg sett gjer barne- og ungdomslaga det jamt over greitt i sine seriar. Spelarane arbeidar godt med trygge, engasjerte vaksne rundt seg. Det er gledeleg at mange av spelarane på både jente- og gutesida i 15/16-årsklassen vart teken ut til ulike utviklingsmiljø, eit resultat av god jobbing over tid.

Klubben har i 2022 arrangert to flotte handballskular med stor suksess. Franny Bøthner har hatt ansvar for desse skulane og gjort ein flott jobb saman med Mark Dahl, Sebastian Steffens og seniorspelarane i klubben. Klubben har og hatt Mikael Sjøgaard engasjert som målvaksressurs. Han har hatt vekentlege økter med målvaktene til ungdoms- og seniorlaga i klubben. Erfaringane våre er mellom anna at målvaktene våre blir betre skulert teknisk, fysisk og taktisk. Dette arbeidet er svært viktig å fortsetje med og vidareutvikla dei komande åra.

Klubben er trygg på at det er riktig strategi å jobbe målretta over tid. Dette er eit krevjande arbeid som har og vil koste mykje tid og ressursar. Samstundes som klubben skal leggje til rette for gode utviklingsmiljø for dei borna og ungdommane med høge ambisjonar, skal Stord Handball også vere dyktige på å leggje til rette for gode tilbod for dei med mindre ambisjonar. Stord Handball skal vere ein klubb for alle, og kjerneverdiane *vilje*, *samhald* og *respekt* skal haldast høgt. Klubben skal vise **vilje** til å etterstreve og leggje til rette for eit best mogleg trenings- og kamptilbod for alle. Me vil styrkje **samhaldet** på tvers av laga og jobbe for at alle kjenner ei tilhøyrse til laget sitt. Vidare skal alle i klubben visast **respekt** uavhengig av bakgrunn og ambisjonsnivå.

Turneringar

Laga våre har vore med på ulike turneringar då endeleg pandemien slapp taket og gjorde at me igjen kunne reise på det som er høgdepunktet for dei fleste – cupane! Stord Handball reiste med ein solid delegasjon til Rødspætte Cup i Fredrikshavn i påsken – seks lag, om lag 150 spelarar, lagleiarar og familie i heiajengen hadde ein fantastisk påske på Jylland.



Me var godt synlege i Danmark i like hettegensrar og som solide heiajengar for kvarandre!

I tillegg til Rødspætte i påsken har me og hatt lag blant anna i Kongeparken Cup, Åkra Cup og Regionsmesterskapet i Beachhandball. Det er gledeleg å sjå at iveren etter å reise på cup er på plass igjen etter nedstenging og pandemi.

Spelarutvikling

Det har vore eit aktivt år for våre utøvarar som har vore innom ulike spelarutviklingstiltak gjennom året. Me har og fått to landslagsdebutantar som me er særst stolte av i Maia og Jørgen – i tillegg til at me har tidlegare Stord-spelarar som og har fått både samlingar og kampar med flagget på brystet.

MAIA MATRE HAGENES

Maia Matre Hagenes fekk sin landslagsdebut i 2022. Ho spelte European Open i Sverige i juli kor Jentelandslaget (LK06) tapte bronsefinalen mot Frankrike. Maia utmerka seg og vart kåra til den beste forsvarsspelaren i turneringa og noterte seg for 11 mål. Maia vart og kalla inn til turneringa Scandlberico i Sverige i oktober, men måtte diverre melde forfall grunna skade.



JØRGEN LOTHE DAHL

Jørgen Lothe Dahl fekk sin landslagsdebut i Zakopane (Polen) kor Guttelandslaget hadde treningssamling. Den talentfulle målvakten debuterte to kampar med flagget på brystet i løpet av denne samlinga.



Spelarutvikling forts.

Bylag

Årets bylagsturnering vart spelt i Stavanger i mai, og etter ein sesong med mange samlingar og uttak, fekk Stord med to jenter og to gutar i denne turneringa kor Region Vest stiller med to jamne lag mot ti andre lag frå dei andre regionane i landet. På jentesida spelte Leah Engelsen Vrålid på «Bergen» som til slutt vart nr. 9 i turneringa. Maia Matre Hagenes spelte på «Førde» som vart nr. 12. Gutane spelte på same lag; «Førde» som enda som nr. 6 denne helga.



Leah Engelsen Vrålid



Maia Matre Hagenes



Jørgen Lothe Dahl



Morgan Hovland-Gay

I tillegg til desse turneringane, har me gjennom 2022 hatt spelarar på ulike samlingar.

🇳🇴 Sentrale Landslagssamlingar (LK og LM) 🇳🇴

Jenter: Maia Matre Hagenes (LK06)

Gutar: Lukas Jonsson og Ola Matre Hagenes (LM04)
Jørgen Lothe Dahl og Morgan Hovland-Gay (LM06)

Bylagssamlingar (NM 2022 for 2006)

Jenter: Maia Matre Hagenes og Leah Engelsen Vrålid

Gutar: Jørgen Lothe Dahl og Morgan Hovland-Gay

Bylagssamlingar (NM 2023 for 2007)

Jenter: Nellie Serine B. Valvatna, Mabel Sara Thomas, Seline Molde Ottesen og Linnea M. Jonsson

Gutar: Markus Lønning Hystad og Kristoffer Aadland Djuve

Regionale Landslagssamlingar (RLK og RLM)

Jenter: Leah Engelsen Vrålid, Maia Matre Hagenes og Seline Molde Ottesen (RLK 06)

Gutar: Lukas Jonsson, Ola M. Hagenes, Jon Aksel Bruun-Nygård og Theodor H. Kvernenes (RLM 04)
Morgan Hovland-Gay, Jørgen Lothe Dahl, Markus Lønning Hystad, Kristoffer Aadland Djuve og Mats Mikkelsen Sæther (RLM 06)

Regionale Talentsamlingar (2007)

Jenter: Seline Molde Ottesen, Johanne Skjerven Valland, Live Hauge og Mabel Sara Thomas

Gutar: Kristoffer Aadland Djuve, Markus Lønning Hystad og Mats Mikkelsen Sæther

Landsdelssamlingar (2004)

Gutar: Karl Lukas Jonsson

Regional Landslagssamling Beachhandball (2006/2007)

Jenter: Elisabet Rydland Sæbø

Kartleggingssamling (2008)

Gutar: Amund Bruun-Nygård og Lars Økland Larsen

Damelaget

Våren 2022 avslutta damelaget ein amputert sesong med ein knallsterk 2. plass i 3. divisjon. Sebastian Steffens leia dei unge jentene gjennom ein sesong prega av gode prestasjonar til tross for ein uforutsigbar og rotete kamp- og trenings sesong kor pandemien gjorde at sesongen berre vart spela som halv serie som teljande.



Bak f.v.: Sylvia Linn Jonsson, Liva Salomonsen, Mia Mikkelson Sæther, Tomine Tvedten, Elsa Ekeberg Antonsen, Ida Vik Framnes, Malene Bjelland Nordhus og Johanna Regine Hidle Sæther.

Foran f.v.: Selma Skår Lande, Mona Kristine Stakkestad, Madalina Landa, Merete Auestad, Serine Einarsen og Andrea Sjo Holm

Ved sesongslutt var det klart at Sebastian ikkje tok ein ny sesong med damelaget, og klubben fekk på plass nytt trenarsteam med Jonas Sjölin i spissen. Han fekk med seg Ingemar Olsson som assistent, medan Aksel Sæther haldt fram som lagleiar og oppmann for laget.



Bak f.v.: Serine Einarsen, Tomine Tvedten, Mia M. Sæther, Johanna H. Sæther, Maia M. Hagenes, Sylvia Linn Jonsson, Leah E. Vrålid

Foran f.v.: Pia Dyrseth-Skjønberg, Liva Salomonsen, Selma S. Lande, Merete Auestad, Matilde Steensohn-Olsen, Saga Emilie R. Tønning

Etter den første sigeren, har sesongen vore noko meir variabel for damene, og laget har diverre mista spelarar med skade og som har vald å gi seg med handballen. Sjölin og Olsson styrer imidlertid skuta med trygg hand, og laget tok juleferie trygt plassert midt på tabellen.



Herrelaget

Herrelaget har i 2022 fått eit tilnærma normalår når det kjem til kamp og trening, etter to amputerte år grunna korona. Gjennom året har Mark Dyhrberg Dahl vore trenar fram til han i desember etter eige ønske vart erstatta av Sigurd Sævareid som hovudtrenar med Trond Arnevik som assistent. Mikael Sjøgaard har vore med som keepertrenar heile året. Første halvdel av året var Rune Skjærvold med som assistent, medan me ikkje lukkast å få med noko assistenttrenar i haust.

Sesongen 2021-2022 vart ein tøff sesong for oss, og tabellplasseringa gjennom våren gjorde det vanskeleg for klubben å rekruttere nye spelarar. Det var lenge var tvil om me ville spele 2. eller 3. divisjon til hausten, men me lukkast likevel med å få inn to danske spelarar i troppen. I sommar valde diverre tre av våre lovande unggutar å flytte til Stavanger og meldte overgang til Ryger i Stavanger. Dette påverka hausten for vår del, då desse tre spelarane ville vore bærebjelkar på laget.

2022-2023 sesongen har starta som 2021-2022 sesongen slutta, og laget ligg ved utgangen av 2022 på nedre del av tabellen. Det har likevel vore mange jamne kampar, som med litt meir flyt kunne ha enda i siger. Laget består i all hovudsak av lokale spelarar, og det har vore gledeleg å sjå at fleire unge lokale spelarar har tatt steget opp på a-laget og er med og bidrar i kampane til herrelaget. Tett samarbeid mellom herrelaget og G16 har bidratt til fleire spelarar på treningane til herrelaget, samt god utvikling for fleire av dei unge spelarane på laget.

Jørn-Rune Bruun og Andrè Skjønberg var med som oppmenn fram til sommaren, medan det kun er sistnemnde som har vore med i haust. Klubben sin fysikalske ressurs, Lisa Nyhammer, var med fram til sommarpausen. Samarbeidet vart ikkje forlenga for sesongen 2022-2023, og per no har ikkje klubben ønska å få på plass ein erstattar.

Klubben sitt fokus framover kjem i all hovudsak å vere utvikling av eigne spelarar. Kontinuerleg og langsiktig arbeid i ungdomsavdelinga er hovudfokus, og vil vere særskilt viktig for klubben for å klatre i divisjonssystemet. Klubben er klar over at dette vil ta tid, men slik situasjonen er no, er dette den einaste berekraftige strategien for utvikling av klubben. Dette vil bidra til å utvikle unge og gode spelarar, skape ein god treningskultur og på sikt fleire a-lagsspelarar. I tillegg til dette vil det vere viktig for klubben å behalde dagens spelarstall for å ha eit herrelag som dei yngre spelarane i klubben kan ta steget til når dei er klare for det.

Stord United (Gullserien)

Stord United er eit handballag for vaksne menneske med nedsett funksjonsevne. Dette er eit lag kor alle er trygge på kvarandre og dei er blitt ein god og samansveisa gjeng. Med eit så godt utgangspunkt gir det godt grunnlag for vidare suksess, og laget har vist god framgang og spelargleda er enorm. Spelarane viser i tillegg ei fantastisk idretts glede og positivitet.



Stord United etter kjekke kampar på Vikahaugane i november

Ein gang i året reiser gjengen på Landsturneringa som fyrste kickoff på sesongen. Landsturneringa er årets høgdepunkt og noko den enkelte ser fram til gjennom heile året. Her treff dei andre menneske med dei same utfordringane og får utfolde seg og ikkje minst brynt seg på motstandarar frå heile landet. Arrangement har høge kostnader for den enkelte, og med tanke på at det ikkje er mogleg å arrangere dugnader for laget med grunnlag i funksjonsevna, er Stord United heilt avhengig av støtte frå lokale organisasjonar og bedrifter. Enkelte spelarar har og behov for å ha med seg ledsager, noko som tydar opp i mot dobbel kostnad. Laget har som grunnlag at ingen skal ha høgare kostnader enn andre, og då er det særst viktig at det finst midlar til å handtere dette.

Det viktigaste av alt er at spelarane lærer kvarandre å kjenne og at dei har det kjekt ilag. Laget har og fokus på å kunna glede seg over motstandarane sine prestasjonar, samt å utvikle seg sjølve sportsleg og som menneske. Stord United har fem kamphelger i året både i Rogaland og Vestland fylke. Her viser dei igjen som eit lag med godt samhald som er opptatte av Fair Play. Denne sesongen har laget bestått av ti spelarar.

Trenarar for årets lag er Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og Andrè Skogvold. Lagleiarar for laget er Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupporter og «altmuligdama». Odd Ståle Larsen har fungert som sikker bussjåfør i perioden.

Dommarar

Fokus på dommarane er alltid viktig for Stord Handball. Våren 2022 hadde me nytt barnekompleiarkurs, og me fekk 13 nye spelarar frå ungdomsgruppa som vart ferdig utdanna til å kunne dømme til og med 11 års-klassen.

Camilla Olsen og Veronica Essajee dømmer framleis på eit høgt nivå i Norge, og var dette året eit av dei faste dommarpara i Rema 1000-ligaen for kvinner. Preben Træen Andersen og Thor Gunnar Bakke dømmer begge aktivt på nasjonalt nivå i 2. divisjon og i Lerøy-serien for 18-åringar.



Nokre av dei flinke dommarane våre; f.v. Mari Haga Skibenes, Sunniva Røvde Aspen, Emil Økland Larsen og Mats Mikkelson Sæther

Franny Bøthner har i år som i fjor vore klubben sin dommaransvarleg, og gjort ein svært god jobb for å utvikle dommarmiljøet i Stord Handball.

Veteran-NM

I oktober reiste ein gjeng av god gammal årgang til Bergen for å spele Veteran-NM i Gutter 33-klassen. Gutane gjorde ein god figur trass skadeutfordringar (som ein budsjetterer med i desse turneringane), og kom heim til Stord med bronsemedaljer!



Bronsevinnerne bak f.v.: Bjarte S. Epland (akilles), Aleksander Skjelsvik, Christoffer Rafdal, Jonas Sjölin, Nils-Kristian Blom, Hans Kristian Kjellsen, Henrik Molvær (strek) og Olav Sande (akilles)
Foran f.v.: Frode Bekkenes, Ståle Heggøy, Stein Aaserud, Thor Egil Vaage og Sigurd Sævareid (strek)



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Vegen vidare

Me såg fram mot dette året med spenning, veldig usikre på korleis to år med pandemi, nedstenging og restriksjonar på aktivitet kom til å slå ut på litt lengre sikt. Me ser no klare teikn på at pandemien framleis ikkje er ferdig med å herje med idretten. Fråfallet frå idretten generelt, og ikkje berre for Stord Handball sin del, er dramatisk og sær srovekkande. Stord Handball ser kontinuerleg på måtar me kan forsøke å motverke desse trendane, men me har samstundes sett at me må endre på måten me som klubb organiserer aktiviteten og tilboda våre på, for å i større grad tilpasse oss barn og unge som har andre forventningar, krav og ønsker for idretten enn tidlegare. Samtidig må me navigere i ein kvardag kor barn og unge har veldig mange fritidsaktivitetar å velje mellom. Kor ein tidlegare valde mellom handball og fotball, finst det i dag eit utal aktivitetar å velje mellom.

Kostnadane forbunde med aktivitetane kjem så på toppen av det heile, og gir oss utfordringar knytt til at me har barn og unge som vert forhindra i å delta i aktivitetar grunna økonomi. Legg ein til det faktum at me bur på ei øy kor det er naturleg at ungdommane våre reiser vekk på studiar etter vidaregåande, får ein eit bilete av kor store utfordringar me står overfor i jobben med å utvikle klubben vidare – kor me skal gje eit godt tilbod til alle, samtidig som me skal ta klubben eit steg vidare og oppnå sportsleg framgang. Me har heldigvis ein botnsolid klubb, fantastiske menneske i og rundt klubben som verkeleg brenn for, og legg ned vanvittig mange dugnadstimar for Stord Handball. Dette, i kombinasjon med struktur, ein god plan for vegen vidare og eit støttande lokalsamfunn, gjer oss trygge på at me skal løyse den oppgåva me står overfor – og me gleder oss til fortsetjinga!

VILJE – SAMHALD – RESPEKT

Styret i Stord Handball, Stord 15.03.2023



Aksel Sæther
(Styreleiar)

Jørn-Rune Bruun

Franny M. Bøthner

Ellen Salomonsen

Are H. Holsvik

Marthe Olsson



ÅRSMELDING 2022

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2022 har vore

| | |
|-----------------------------------|---------------------------|
| Styreleiar | Runar Øvrebø |
| Sportsleg leiar og sektor økonomi | Nils Hetleflåt |
| Sektor anlegg og utstyr | Geir Aasheim |
| Styremedlem | Mats Tonning |
| Styremedlem | Harald Kårbø |
| Styremedlem | Susanne Nesse |
| Styremedlem | Maj R. Engevik |
| Ungdomsrepresentantar: | Anna Solheim |
| | Julian Skimmeland Aasheim |
| Dagleg leiar | Tom Erling Kårbø |

Det har i 2022 vore halde 8 styremøter

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr.31.12.2022 totalt: 134 medlemmer (2021=134) fordelt på:

| | <u><12 år</u> | <u>13-16 år</u> | <u>> 17 år</u> | <u>SUM</u> |
|---------|------------------|-----------------|-------------------|------------|
| Kvinner | 18 | 7 | 8 | 33 |
| Menn | <u>27</u> | <u>6</u> | <u>41</u> | <u>74</u> |
| SUM | 45 | 13 | 49 | 107 |

Medlemstalet for friidrettsgruppa har minka i 2022 og er på 107 medlemmer, medan me i 2021 var me 134 medlemmar. Da er særleg i gruppa under 12 år det har minka og me må stadig vere flinkare i å rekruttere nye til å begynne med friidrett. Me har normalt fleire sjansar gjennom Parkløpet, sentrumstafetten og Tinestafetten, og i 2022 vart både Parkløpet og Tinestafetten arrangert igjen, men i 2021 vart alle desse arrangementa avlyste grunna Covid-19 og det slo kanskje inn i 2022.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2022. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbud i alle øvingsgruppene. I 2022 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande.

Fitjar IL-friidrett vart tildelt økonomisk støtte frå Friidrettens Venner etter å ha sendt inn ein søknad om treningssamarbeid med Stord IL og Bremnes IL på helgesamlingar og desse vart gjennomført i Deep Ocean Arena i Haugesund.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

SEKTOR ØKONOMI

Året 2022 har gitt eit negativt resultat på vel 58000,- kroner. Positive trekk er stabile og trufaste samarbeidspartnarar som gir oss handlingsrom. Klubben har ein god økonomi, noko som viser att i balansen.. Driftsutgiftene for 2022 har vore på vel 1.150.000

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2022 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

| | <u>DATO</u> |
|--------------------------|----------------|
| Parkløpet | 26.03.2022 |
| Industriløpet | 02.04.2022 |
| Sunnhordland maraton | 07.05.2022 |
| Tinestafetten | 10.05.2022 |
| Bru- og halvmaratonløpet | 08.06.2022 |
| Stordleikane | 06.-07.08.2022 |
| Stordløpet | 04.09.2022 |
| Flyplassmila | 24.09.2022 |
| Persekveld på stadion | 22.10.2022 |
| Romjulsstemne | 29.12.2022 |

I tillegg har me arrangert fleire hoppstemner innandørs og seriestemner utandørs.

Sunnhordland maraton vart flytta tilbake til den opprinnelege datoen i mai då corona tiltaka som var i 2021 og i starten av 2022 var oppheva. Me opplevde at det var ein nedgang i dei 4 hovedløpa, medan barneløpet vart ein stor suksess med over 400 barn. I tillegg så hadde me lagt inn ein ny klasse i år, som var Puls-klassen. Dei sprang den same løypa som vart brukt i barneløpet.

Stordleikane gjekk i år over 2 dagar og igjen hadde me lagt opp til overnatting på skule. Det var ein nedgang i deltakartalet i høve til 2021 og det kan skyldast at det er fleire klubbar som ikkje er kommet skikkeleg i gong med friidretten i 2022 etter corona restriksjonane som har vore dei siste 2 åra. Arrangementet som gjekk tidleg i august vart ein suksess.

Industriløpet, som vart arrangert for første gong, gjekk inne på området til Aker Solutions og rundt på Eldøyane første laurdagen i april. Løpet samla over 300 løparar på 5 og 10km, samt at det var eit eige barneløp. Det vart ein kjempesuksess og dei ansvarlege for dette løpet: John T. Almås, Joar Hystad og Sindre Vikanes la ned ein stor innsats. På hausten, nærare bestemt 22.oktober, arrangerte dei og perseløpet på Stord stadion med distansane 5000 og 10000m, samt 1500m for barna. Her dukka det opp over 60 løparar på hovuddistansane og ca 30 barn på 1500m. Igjen eit arrangement som vart ein stor suksess.

Flyplassmila flytta me fram til siste helg i september og det var rundt 100 deltakarar som sprang enten 5 eller 10 km, i tillegg så hadde me innlagt barneløp.



Figur 1: Hovudfeltet på 10 km på flyplassmila 2022 (Foto: Runar Øvrebø)

Stordløpet gjekk av stabelen for 45.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit større potensiale på Stord. Det krev at me må starta tidlegare å reklamera for dette arrangementet, slik som det vert gjort for Sunnhordland maraton



Figur 2 Start barneløpet på flyplassmila (Foto: Runar Øvrebø)

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2022 og her er dei beste resultatata som utøvarar har oppnådd i løpet av 2022:

- VM Eugene, USA 15.-24.7 3000m hinder nr 8-h2 Tom Erling Kårbø 8,26,12
- EM München, Tyskland 15.-21.8: 3000m hinder nr. 3- h1 Tom Erling Kårbø 8,32,22
3000m hinder nr 12 finale Tom Erling Kårbø 8,33,57.
Maraton Pernilla Eugenie Epland DNF
- EM mountain running, La Palma 1.-3.7 Motbakke: Nora Markhus 35.plass i KS
Up and Down 3.7 Nora Markhus 31.plass i KS
- Nordisk meisterskap mangekamp, Finland 11-12.6
7-kamp U-20 Anna Solheim (18) 4268 poeng nr.11
- NM senior på Stjørdal Stadion 25.6: Tom Erling Kårbø vann 3000m hinder på tida 8,31,13
- UM15-19 i Trondheim 12-14.8: Anna Solheim (18) 100m hekk 3.plass 15,86,
Mathilde Alfarnes Amundsen (16) spyd 2.plass 39,06m



Figur 3 Nils Hetleflåt og Kåre Osnes var tilskuarar på VM i Eugene. Foto: skjermdump NRK



Senior/Junior

I senior-NM på Stjørdal stadion 25.6 2022 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Tom Erling Kårbø (32) 3000m hinder Nr. 1 8,31,13

NM motbakke (Hovlandsnuten Opp) i Sauda 11.6.2022 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Nora Markhus (25) KS Nr. 3 51,30 min

På junior-NM på 26.-28.8.2022 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

| | | | |
|-------|--------------------------|---------------------|---------|
| MJ-19 | Johannes Sandvik Bø (16) | 800m Nr. 4-h3 | 1,57,68 |
| | | 1500m Nr. 5-h1 | 4,06,18 |
| | | 1500m Nr. 12 finale | 4,05,01 |
| KJ-19 | Anna Solheim (18) | 100m Nr. 4-h4 | 13,02 |
| | | 100m Nr 7-sf | 13,11 |
| | | Kula Nr. 12 | 9,08m |

I innandørs NM i mangekamp i Bærum Idrettspark 23.1.2022 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Anna Solheim (18) Nr. 4 3357 poeng (8,93-1,61-10,80-4,64-2,34,38)

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 33 i 3.divisjon med poengsummen 10080 (20 res) (2021= 10078 poeng 19.plass (17 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 12 i 1.divisjon, med poengsummen 19903 (30 res) (2021 = 20212 poeng 9.plass i 1.divisjon (30 res)) og må med det ta turen ned i 2.divisjon i 2023.

Veteraner:

På veteran NM innandørs i Grimstad 26.-27.3 2022 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

| | | | |
|-----------------------|------------|-------|-------|
| Per Gregersen (50-54) | Høgde | Nr.1 | 1,50m |
| | Høgde u.t. | Nr. 1 | 1,20m |
| | Stav | Nr. 1 | 3,35m |
| | 60m hekk | Nr. 1 | 9,97 |
| | Kula | Nr. 3 | 9,19m |

NM motbakke (Hovlandsnuten Opp) i Sauda 11.6.2022 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Kenneth Westerheim (50-54) Nr. 1 52,41 min



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

I veteran NM mangekamp (10-kamp) på Hamar 21.-22.5 2022 oppnådde Stord sin utøver følgende resultat og plassering:

Per Gregersen (50-54) Nr. 1 5188 poeng (14,46-4,83-8,84-1,53-64,54-17,72-29,25-3,22-32,67-6,24,71)

I NM halvmaraton i Sandane 4.10.2022 oppnådde Stord sine utøvarar følgende resultat og plasseringar:

Kenneth Westerheim (50-54) nr.2 1,20,51
Lars Helge Westerheim (70-74) nr.1 1,42,00

I veteran KM på Os 01.10.2022 oppnådde Stord sin utøver følgende plasseringar:

MV 50-54 Oddvar Hårde (1969) Høgde Nr.1 1,50m
Slegga Nr.1 40,73m
Diskos Nr.2 35,34m

I landsserien vart herrelaget nr 14 i 1.divisjon med 11431 poeng på 19 resultat (2021 = 9645 (15 res)) og held med det plassen i 1.divisjon

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM innandørs i Ulsteinvik 3.-5.3.2022 oppnådde Stord sine utøvarar følgende resultat og plasseringar:

| | | | |
|-------------------|----------|----------|-------|
| Anna Solheim (18) | 60m hekk | 2-h2 | 8,95 |
| | 60m hekk | 3-finale | 9,02 |
| | Kula | Nr. 5 | 9,98m |
| | Høgde | Nr.3 | 1,55m |

I Ungdoms-NM i Trondheim 12.-14.8.2022 oppnådde Stord sine utøvarar følgende resultat og plasseringar:

| | | | |
|---------------------------------|-----------|----------|--------|
| Anna Solheim (18) | 100m hekk | Nr. 3 | 15,86 |
| | 200m | Nr. 5-h1 | 26,94 |
| | Kula | Nr. 6 | 10,00m |
| | Høgde | Nr.4 | 1,50m |
| Mathilde Alfarnes Amundsen (16) | Spyd | Nr. 2 | 39,06m |
| | Kula | Nr. 6 | 10,50m |

Trenarar:

| | |
|-------------------------|--|
| Gutar/jenter < 11 år | Erlend Hatlem Kringeland, Julian Skimmeland Aasheim, Nils Hetleflåt. |
| Gutar/jenter (12-15 år) | Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt |
| Gutar/jenter (> 16 år) | Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt |

Utmerkingar

| | |
|---------------|----------------------------|
| “Beste gut” | Julian Skimmeland Aasheim |
| “Beste jente” | Mathilde Alfarnes Amundsen |



”Mest allsidige jente” Anna Solheim

Gullmerket (over 1000 tyrvingpoeng) vil verte utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat:
Julian Skimmeland Aasheim (19) for 14,69 på 110m hekk,

Lagsrekord:

| | | | | |
|-------------------------|--------------|---------|-----------|-------------------|
| Tom Erling Kårbø | 3000m hinder | 8,26,12 | 15/7-2022 | Eugene, USA |
| Pernilla Eugenie Epland | maraton | 2,38,56 | 2.4.2022 | Hannover, Germany |

Samandrag

2022 blei året der vi opna opp att etter Covid 19, ned-stengingar, restriksjonar og avlysingar. Kvardagen vendte sakte men sikkert attende.

På ny fekk vi oppleve «positiv støy» på stadion. Glade jubelrop, startskot, musikk og lyd på anlegget. Det var nesten som å sleppe ut «vårkåte» kalvar. Innstengt energi skulle ut. Kanskje årets høgdepunkt kom under Sunnhordland Maraton der 500 barn og «Puls-klassen» sette fyr på Leirvik sentrum. Stiane rundt Ådlands vatnet og inne i Landåsen ble kledde av sveitte kroppar og løparar som fekk oppleve å sprengje nye barrierar. For nokre var det første gang, og kunne løpe til eit levande «kaos» med « We are the Champions» av Queen. Slike opplevingar gir minne for livet og som arrangør gir dette motivasjon til å lage til på ny. Vi ser fram til å laga fest for 1000 både lokale og tilreisande laurdag 6. mai . Da blir møteplassen på ny Borggata og nede på torget.

2022 blei på ny eit travelt år. Me kom attende til Parkløpet rundt Vikasstemmo. Det var godt å kome heim etter fleire år ute i Golfparken. Sprinten rundt «Andadammen» blei første spretten og sprint for skuleelevar både i Stord og Fitjar. Ei fin ramme med vår i lufta og spente foreldre som heiagjeng

I mai var og Tinstafetten tilbake på Stord stadion for elevar frå 6. til 9. klassen. Dette er eit viktig bredde arrangement som samlar skuleelevar frå heile Sunnhordland. I ei tid med mobil og nettbrett i timesvis er Tine-stafetten eit viktig mål å trene i mot sett med folkehelseperspektivet. I 2023 feirar Tine sitt 30 års jubileum. Stord Friidrett stiller alltid opp som stolt arrangør.

For vår hinderkonge, Tom Erling Kårbø» blei 2022 ein opptur både sportsleg og på heimebanen. VM billett til Eugene og EM i München. Nytt NM-gull på 3000 meter hinder og «Gulljento» kom til verden på Voss. Laila og Tom Erling kunne feire som stolte foreldre. No siktar idrettsfamilien mot nye mål saman på Stord. Så vil tida vise om OL i Paris i 2024 er i sikte. Gjengen i styret heier og stiller gjerne opp rundt Les Champs-Elysees.

Vi har ikkje mange utøvarar på junior og senior-nivå. Men dei som tar på seg Stord-drakta har gjort ein flott jobb. Dei har kjempa seg gjennom perioden med avlyste meisterskap og lange skadeperioder. Saman med trenarane sine har dei heldt motet oppe. Vi heier på Pernilla, Harald, Lars, Nora, Erlend, Julian, Anna, Mathilde og alle dei andre flotte ungdommane våre. Vi hever og flagget for evigunge Oddvar Hårde og Per Gregersen. Utan trenarar ingen klubb. Ulf, Nils, Åge, Erlend og Julian stiller opp for å trene fram nye talent.

I eit krevjande sportsleg år så har våre samarbeidspartnarar vore lojale og stiller trufast om med midlar slik at vi kan halde oppe våre aktivitetar. Vi har og fått god utteljing gjennom naudsynte støtteordningar på grunn av tapte inntekter frå våre arrangement

Vi vil og ha fokus på å få fram fleire trenarar til å ta i mot fleire som vil drive med friidrett.

Ei stor takk til styret. Saman er vi eit godt team. Det var og hyggeleg å få til årsfest for ungdomsavdelinga og styret saman med trufaste slitarar nede på Arena. Ein viktig tradisjon blei teken opp att. Den kreative «industriløpsgjengen» slo og til med nye grensesprengjande



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

arrangement. Først nede på Eldøyane. Så med lys og varme «lyste dei opp Stord Stadion i rekordløpet den 22. oktober. Dåke imponerer med stort engasjement og evna til å gå nye vegar. Takk til John, Joar og Sindre og resten av gjengen som står på. Vi ser fram til nye stunt frå «mil slukarane».

Runar Øvrebø
Styreleiar Stord -IL-friidrett



ÅRSMELDING 2022

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2022

Leiar: Jon Eirik Kvalnes
Nestleiar: Alice Aasheim
Kasserar: Kjartan Grov
Medlem: Marte Eldøy Ottesen
Dagfinn Koppang
Lars Aasheim
Lars Mugaas Hegland
Ungdomsrepresentant: Marielle Flatås Kvalnes

Vara: Sigurd Riise
Tora Eik Breirem



STORD IL turngruppa
Idrettsglede heile livet



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

INNLEIING

Turngruppa har på ny lagt bak seg eit år der normal aktivitet endeleg skulle starte opp att etter utfordrande år med korona. Det er tydeleg at alle gymnastane våre, unge som gamle, har satt stor pris på at dei kan trenast utan restriksjonar.

Dei siste tre åra har diverre ført med seg stort fråfall i konkurransegruppene våre, troppsgymnastikk og apparatturn. Det er leit å melde at Stord turn mot slutten av 2022 ikkje har aktive apparatgymnastar, og har ei meir enn halvert gruppe med troppsgymnastar. Turngruppa må likevel sjå positivt på framtida, og gler seg over å kunne realisere eit tilbod i apparatturn for jenter og utvida treningsareal i2023.

Stord IL arrangerte i mai 2022 vaksenturnstemne for Vestland turnkrets for andre gong. Sist var i 2019, og med tanke på korona, betyr det at Stord IL har arrangert dette to gonger på rad. Arrangementet var vellukka frå start til slutt, men diverre for kretsen var det eit lågt tal påmeldingar samanlikna med arrangementet i 2019.

Stord IL turngruppa hadde i slutten av 2022 nær 470 aktive medlemmer i alle aldrar. Det er ein auke i høve 420 som var registrerte medlemmer i slutten av 2021. Turnaktiviteten finn ein i både gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportssenter. Turnhallen vår ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever at mange gutar og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn.

Idrettslaget sitt slagord «Idrettsglede heile livet» er heilt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste passerar 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.



MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2022 **469** registrerte medlemmer. Me har i tillegg **230** personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og ikkje minst trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det.

| Medlemsoversikt Stord IL turngruppa | | | | | | |
|-------------------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Kjønn og alder | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 |
| Jenter 0 - 5 | 43 | 47 | 47 | 54 | 64 | 54 |
| Jenter 6-12 | 169 | 143 | 131 | 133 | 143 | 163 |
| Jenter 13-19 | 32 | 23 | 33 | 31 | 30 | 8 |
| Jenter 20-25 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 |
| Jenter 26+ | 65 | 53 | 56 | 61 | 66 | 70 |
| Gutar 0 -5 | 39 | 45 | 42 | 42 | 53 | 57 |
| Gutar 6-12 | 72 | 68 | 61 | 54 | 66 | 65 |
| Gutar 13-19 | 3 | 13 | 9 | 7 | 10 | 8 |
| Gutar 20-25 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 |
| Gutar 26+ | 46 | 47 | 47 | 57 | 55 | 50 |
| Total | 469 | 439 | 426 | 441 | 489 | 476 |

* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar medlemssystemet til NIF, KlubbAdmin. Det er mykje administrativt arbeid knytt til medlemsadministrasjon. Klubbadmin støyr framleis ikkje ventelistefunksjon, og heller ikkje påmelding via nettet, utan at dei som ønskjer å melde seg på automatisk vert registrert som betalande medlemmer.

TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er tidlegare og aktive troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Alle trenarar får høve til å delta på kurs og anna kompetanseheving, og i 2022 fekk me gjennomført sikringskurs 1 i tumbling og trampett på Stord. På dette kurset deltok også fleire foreldre som har teke på seg oppgåve som medtrenarar og sikrar på trening.

Alle trenarane våre vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør. Turngruppa manglar fortsatt ein kompetanseplan, og ønskjer å retta vidare fokus på det komande år. Mot slutten av 2022 er me omlag 25 instruktørar og hjelpetrenarar fordelt på 24 tilbod.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Apparat- og Troppsgymnastane våre er delt inn i grupper i høve nivå, alder med meir. Dei siste åra har det vore utfordringar i begge konkurransegruppene for å skape kontinuitet og framdrift. Det er registrert eit stort fråfall i gruppene, og det har synt seg vanskeleg å rekruttere trenere spesielt i apparatgruppa. Me håpar at ei auka merksemd på konkurransegruppene det komande året skal gi auka kvalitet og kapasitet for gruppene.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

Stord IL turngruppa hadde gleda av å arrangere kretsturnstemne for vaksne helga 20.-22.mai. Arrangementsleiar var Anne Sissel Mugaas. På grunn av låg påmelding signaliserte Stord IL tidleg at arrangementet ikkje ville gi oss eit budsjettert overskot, og me infomerte kretsstyret om at me ikkje ville arrangere på dei premissar som låg til grunn. Kretsen møtte oss nokre gonger på Stord for å drøfte utfordringa, og ga oss ein overskotsgaranti slik me hadde budsjettert.

Arrangementet vart svært vellukka trass låg påmelding, og Stord bada i sol og godt humør. Rekneskapan syner at arrangementet enda med underskot på omlag 56 000 kroner. Stord IL har med dette arrangert stemnet to gonger på rad, all den tid det var avlyst grunna korona i 2020 og 2021.

Turngruppa har delteke på dugnad i forbindelse med Handballfestivalen, og gjer sitt bidrag med ned- og opprigging av alt utstyret vårt i turnhallen. På den måten kan Handballfestivalen nytta arealet i turnhallen til arrangementet sitt. Turngruppa vert honorert med 40 000 kroner for dugnaden. Me deltek og i hovudlaget sin årlege dugnad på Vikahaugen idrettspark.

Ingen gjennomførte eller arrangerte konkurransar.

HEIDERSTEIKN

Det er ikkje delt ut heidersteikn i 2022 til nokre av turngruppa sine medlemmer.

SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT 2022/2023

| Parti | Instruktører | Stad |
|--|---|-----------------------------|
| Foreldre og barn 3-4 år | Joachim Borchgrenvik, Lars Hetleflåt m.fl | Leirvik |
| Foreldre og barn 3-4 år | Linda Lundås Skjelbred | Langeland skule |
| Foreldre og barn 3-4 år | Celina Solend | Hystad skule |
| Foreldre og barn 5 åringar | Caroline Wolff | Langeland skule |
| Foreldre og barn 5 åringar | Sven Løkken Rolfsen | Leirvik skule |
| Turn jenter 2. klasse | Jon Eirik Kvalnes, Marielle Flatås Kvalnes, Elena Valvatne | Turnhallen |
| Turn jenter 1. klasse og 3. klasse | Marielle Flatås Kvalnes, Ida Synnøve Flatås Kvalnes, Haldis Espeland, Oline Skartland Koppang og Hannah Valvatne | Turnhallen |
| Turn jenter 4. klasse | Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne og Haldis Espeland | Turnhallen |
| Turn gitar 1.-2. klasse | Kristian Lunde, Lars Mugaas, Karl Grov og Torbjørn Horneland | Turnhallen |
| Turn gitar 3.-4. klasse | Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne, Haldis Espeland, Karl Grov, Torbjørn Ottesen | Turnhallen |
| Trampett/tumbling gitar/jenter 5.-10.klasse | Tora Eik Breirem, Ida Synnøve Flatås Kvalnes, Hannah Valvatne, Mia Laukhamar Hauge, Karl Grov og Torbjørn Horneland | Turnhallen |
| Vaksenparti | | |
| Stemnedamene | Rullering | Turnhallen |
| Herrer mosjon | Kristian Lunde og Lars Mugaas | Vikahaugane og Hystad skule |
| Aerobic/step/zumba | Aslaug Grov Almås | Vikahaugane |
| Konkurransparti | | |
| Troppsturn rekrutt <13 år - Tumbling/trampett - Frittstående | Lars M Heggland, Marielle Flatås Kvalnes, Lars Aasheim | Turnhallen |
| Troppsturn junior >13 år - Tumbling/trampett - Frittstående | Lars M Heggland, Marielle Flatås Kvalnes, Lars Aasheim | Turnhallen |
| Allidrett | | |
| Stord IL Allidrett | Caroline Wolff | Hystad skule |

Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbudet til turngruppa er eit svært populært tilbud. Tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2022 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og to 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framleings rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta bakleings rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønskje og nivå.



Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

(Langeland skule 5-årsgruppa)

Allidrett

Hausten 2022 oppretta turngruppa eit nytt tilbud til born som er født i 2017. Stord IL Allidrett var eit initiativ som kom frå ein av våre trenarar på foreldre/barn-gruppa på Langeland skule, og vart motteke med opne armar i hovudlaget. Turngruppa tok på seg ansvaret med å organisere medlemmene, og har saman med Caroline Wolff fått oppretta eit kjekt tilbud som har base på Hystad skule. Me valde Hystad skule fordi det er god tilgang på utstyr der, og lettare å tilrettelegga for ulik aktivitet.

Turar i nærområdet, finne postar, leik med ball, skeiser, ski og fjelltur. Borna får med det eit tilbud om eit bredt utval av aktivitetar og kanskje moglegheita for å utfordre seg sjølv. Allidrett skal vere kjekt og kjenne glede ved å bruke kroppen motorisk på ein positiv måte.

Allidrett er eit flott supplement i turngruppa, og me ser fram til fleire år med mål om å opprette tilbud for 5- og 6-åringar i 2023. I Allidrett føl dei ein aktivitetsplan slik at borna får prøvd ut fleire ulike aktivitetar, og kan bli betre kjend med idrettane i Stord IL. Allidrett skal vere sosialt og alle er velkommen til å delta.

Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4. klasse er delt mellom jenter og gutar. Dette har vore gjort sidan gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir mot troppsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Jentene trenar trinnvis, og har eigen treningstid. Det har vore ført oppmøtelister, og oppmøtet på gruppene har vore bra.

Hovudøvingane i desse gruppene er trampett, tumbling og frittstående. Treninga inneheld ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og bakleings rulle, slå hjul, salto, flikflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4. klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.



Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse.

1.-2.klasse gitar

Av 25 deltakarar som var påmelde når me starta opp, var det fleire som aldri møtte fram. Me har hatt jamt 18 gitar på tropen.

Partiet er stadig populært. Me startar med dugleikstrening, og legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handståande, baning av flikflakk, satstrening og hopp over bukk og kasse. Me trenar og førebuande satstrening til salto framover.

I gruppa vil det alltid vera gitar som peikar seg ut som gode turnemne, der også foreldra viser stor interesse. Men me er usikre på om turngruppa har kapasitet til å ta i mot deira ønske, interessa deira er stor til å læra turn.

På juleavslutninga i desember takka turngruppa av Kristian Lunde og Lars Mugaas som mangeårige instruktørar for partiet.

3.-4.klasse gitar

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. Det har vore nokre utfordringar knytt til ro og orden i gruppa, men gjennom eit foreldremøte og trygging av trenarane, samt eit tettare samarbeid med apparat-gruppa, har gutegruppa fått eit godt treningsmiljø og høgare trivnad.

Nokre av gutane har fått tilbod om å trena med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparatturn.

Jenter/ gitar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gitar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gitar i forhold til jenter, ei utfordring som ut frå medlemsmassen vår kjem til å vara framover. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter! Sidan hausten 2018 har me hatt praksis å ta inn alle gutane frå venteliste og gi dei tilbod om trening. Ventelistene har difor ingen gitar i denne alderen.

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Etersom me har satt inn fleire trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar fleire stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle stasjonane. Tøying og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebyggje skader og få betre flyt i turning.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugan idrettspark. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar.

Partia har to treningskveldar i veka, og øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armene. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsovingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er særskild populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.

I 2021 vart det innført ei rabattordning som gjer det mogleg å ta med seg dotter / mor på trening, utan å bli belasta med treningsavgift for begge to. Dette håpar me bidreg til auka medlemsmasse, og ny rekruttering til gruppa.

Stemnedamene

Dette året har me vore 10 damer som har trent kvar mandag i Turnkassen. Me har hatt nokre søndagstreningar, og me har hatt ei fellestrening på Stord saman med deltakare frå kretsen før krets-turnstevnet som blei arrangert på Stord 22 mai 2022. Me var deltakere på vellukka turnfest 21.mai 2022.

Tabellen me hadde på Kretsturnstevnet var den same som me hadde hadde til «Golde Age» festivalen på Madeira i oktober 2022. Veka på Madeira var svært vellukka. Flott ver, imponerende oppvisningar, workshop og overgangen frå «madrasser på skule» til femstjerners hotell er supert for gamle damer.

Etter heimkost frå Madeira starta ny tabelltrening. Denne gangen med tanke på Gymnastrada i Amsterdam 2023.

Me var medhjelparar med billettsal på juleoppvisninga. Instruktørjobben dette året var fordelt blant stemnedamene Anne Kristin Eldøy, Bjørg Bj. Grov, Lindy Furunes, Karen Molvær/Bodhild Sætrevik



Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har trenarteamet haldt aktiviteten oppe etter beste evne under koronapandemien og året som har gått. Det har vore stort fråfall på junior- og seniornivå. Trenarteamet har i 2022 bestått av Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim, Karoline Frederich, Thea Elise Paulsen, Eline Røstbø Treeck og Marielle Flatås Kvalnes. Siste halvår 2022 er det berre Lars, Marielle og Lars som har hatt trenarrolle. Me prøver å ha fokus på kompetanseheving hjå eigne gymnastar som ønskjer å bidra som trenarar, og fekk gjennomført sikringskurs for nokre av dei samt nokre foreldre.

Troppen talde på det meste om lag 30 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. Det har diverre vore ein del fråfall i denne gruppa, men og nokre nye opptak, og på slutten av 2022 var det 18 aktive gymnastar. I troppsgymnastikk vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittstående. Diverre har fleire av desse meldt seg ut av troppen etter nyttår 2023.

Det har vore ei krevjande tid å utvikle troppen dei siste åra. Mange treningar har vore avlyste eller avkorta. Konkurransetroppen har ikkje delteke på noko konkurransar i 2022.

Konkurranseturn - Apparatturn

Turngruppa har diverre i 2022 ikkje hatt kapasitet til å oppretthalde eit tilbod i apparatturn. Det er fleire årsaker til dette, med både mangel på trenarressurs og aktive gymnastar som takkar for seg. For turngruppa har dette vore ei problemstilling me har vore bevisst i fleire år, men har ikkje klart å hindre utviklinga.

Turngruppa vil arbeide vidare for ny satsing i apparatturn, og opnar for å opprette eit tilbod for jenter komande år. Det er fleire aktive foreldre som ønskjer å bidra, og turngruppa har knytt til seg ein ny trenar som skal ha ansvar for ei aspirantgruppe i alderen 6-9 år. Me håpar det vil bidra til ei positiv utvikling i åra som kjem, og bidra til rekruttering både til apparatturn og troppsgymnastikk.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Konkurransegruppa i troppsgymnastikk har i 2022 bestått av:

| Fornavn | Etternavn | Fødselsår | Klasse |
|--------------------|------------|-----------|----------|
| Sunniva Huse | Olsen | 2012 | Aspirant |
| Ive Myklebust | Valvatne | 2011 | Aspirant |
| Hannah | Valvatne | 2008 | Junior |
| Othilie Kjøs | Horneland | 2012 | Aspirant |
| Mia | Endal | 2010 | Rekrutt |
| Erle | Birkeland | 2010 | Rekrutt |
| Pia * | Vaula | 2008 | Junior |
| Oline Koppang | Skartland | 2008 | Rekrutt |
| Amalie Skumsnes * | Skålevik | 2008 | Junior |
| Elena | Magnussen | 2011 | Rekrutt |
| Tora Ertresvåg | Pedersen | 2011 | Rekrutt |
| Inger Engevik | Almås | 2010 | Rekrutt |
| Sjur Pettersen * | Opdal | 2009 | Rekrutt |
| Filip Koppang * | Nerhus | 2010 | Rekrutt |
| Jakob | Dalland | 2008 | Junior |
| Hannah | Valvatne | 2008 | Junior |
| Ida Synnøve Flatås | Kvalnes | 2007 | Junior |
| Hanna Lovise * | Vestbøstad | 2006 | Junior |
| Mia Laukhamar | Hauge | 2006 | Junior |
| Haldis Evensen | Espeland | 2005 | Senior |
| Tuva | Grimen | 2005 | Junior |
| Elena | Valvatne | 2005 | Senior |
| Tora Eik | Breirem | 2004 | Senior |

SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



| | | | |
|-----------------|---------|------|--------|
| Marielle Flatås | Kvalnes | 2004 | Senior |
| Thea Elise * | Paulsen | 2003 | Senior |
| Eline Røstbø * | Treeck | 2003 | Senior |

Dei som er merka med * er registrert som slutta ved utgangen av 2022.

ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er framleis god, men gruppa leverer eit negativt årsresultat på 38 593 kroner i 2022. Turngruppa har hovudsakleg inntekt gjennom årleg dugnad for Handballfestivalen, treningsavgift frå medlemmene og gjennomføring av kretsturnstemne i mai. Turngruppa fekk og tidelt 150.000 kroner til oppgradering av utstyr og innkjøp av nytt, hausten 2022. Desse vert inntektsført i 2023 sidan denne oppgraderinga er planlagt første halvår 2023.

Turngruppa si største utgift er knytt til lønsutbetaling til trenarane. Turngruppa har løna trenarar for alle parti i 1.-10.klasse der trenarane ikkje er foreldre. Dette har me tru på at bidreg til stabilitet blant trenarane, og er naudsynt for å vera trygg på at me har kvalitet i trening.

Faste utgifter har gått som vanleg, og lønsutgifter, avskrivningar, vedlikehald og innkjøp av turnutstyr utgjør dei store kostnadane til gruppa.

I 2020 gjorde årsmøtet eit vedtak om endring i treningsavgift. Endringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1100 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4500 kroner per år for junior/senior og 3500 kroner for rekruttar. Turngruppa fremjar eit forslag om å auke treningsavgifta til 1200 kroner per treningstime, som følgje av stort behov for oppgradering av utstyr og gjer oss betre rusta i arbeidet med kompetanseheving og rekruttering av trenarar til både breidde- og konkurranseparti.

MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2022.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

Fondet har innestående 47.461 kroner.

LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2022.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

Fondet har innestående 167.849 kroner.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

VALKOMITE

Etter førre årsmøte vart det ikkje valgt ny valkomite.

Stord, dato 15.mars 2023

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes
Leiar



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2022

Sportsleg aktivitet

- Eigne arrangement:

Kretssamling.

Kretssamling og terminfesta rulleskirenn for barn og ungdom har vore arrangert årleg i perioden 2013 til 2019. Kretssamlinga er fast inne på terminlista til Hordaland skikrets, og utgjør eit viktig bidrag til rekruttering og oppfølging av satsande skiungdom lokalt og regionalt. Etter to år med avlysningar grunna pandemien, vart det på ny arrangert kretssamling på Stord i oktober 2022. Det var gjort nokre justeringar i frå tidlegare arrangement, og samlinga var vellukka med om lag 20 deltakarar.

Tysdagstrimmen:

Hausten 2022 var det lagt opp til dei tradisjonelle ti løpa. Grunna til dels ekstreme vêrtilhøve, vart det 10. og siste løpet diverre avlyst, slik at det til saman vart 9 løp denne hausten. Oppslutning har vore noko varierende, der noko må skyldast til dels krevjande vêrforhold.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Odd Stuve Rommetveit, Per Steinar Lunde, Vebjørn Lien og Audvald Kvamme.

Namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland og på nettsidene til skigruppa.

Treningar:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2022/2023 etter 17. mai. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med stavar og spenst) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Jonas Engevik Vørøs, Morten Føyen og Øyvind Gaute Berg.

Vinteren 2022 vart det gjennomført treningar på ski i lysløypa når skitilhøva har tillate det.

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breddetilbod, har Stord Ski hatt to aktive ungdommar (junior) som driv konkurransedrett på ski. Desse er Simen Engevik (2002) og Live Austlid Føyen (2005). Det har ikkje vore faste treningar for veteran-gruppa i 2022. Det er likevel fleire som trener saman etter nærare avtale, og deltek i konkurransar sommar og vinter.

- Lokale renn på Stord:

Delvis grunna siste rest av restriksjonar grunna Korona pandemi, og delvis grunna dårlege snøforhold siste del av vinteren, vart det ikkje høve til å arrangere skirenn med vanleg påmelding og deltaking. Det var arrangert to interne klubbrenn, begge med om lag 10-15



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

deltakarar. Det har vert arrangert tre treningsrenn på rulleskirenn for treningsgruppa med born og ungdom.

- Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Sesongen 2022 har i stor grad vert prega av restriksjonar grunna Korona pandemi. Det har derfor vert begrensa moglegheiter for deltaking.

Det vart gjennomført krinsrenn i Hordaland-krets frå årsskiftet 2021/2022 med deltaking i alle klassar. Våre aktive utøvarar var representert jamleg. Krinsmeisterskapet vart halde på Voss (arrangør: Ulvik IL). Her var Stord representert i barne-, junior- og seniorklassen. Best plassert av våre utøvarar var Mathilde Askeland Larsen, som vann klassen J12 (det vert ikkje kåra krinsmeister før ein vert 13). I juniorklassen vart Live Austlid Føyen (K17) nr. 5, og i seniorklassen vart Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik nr. 3 og nr. 5.

Norgescup junior

Simen Engevik og Live Austlid Føyen har representert Stord il under fleire renn i Noregscup. Simen fekk sitt beste resultat under NC i Åsen ved Nannestad. Her vart han nummer fem. Live fekk og til fleire gode renn, med bestenotering under NC i Meråker. Her vart ho nummer 23.

Andre saker

- Anlegg og dugnad

Prestagardsskogen: Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggsenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.

Lysløypa og Heio: Det vart i 2022 ikkje halde organisert dugnad som vanleg, naudsynt arbeid vart utført på dagar det høva. Må trekkast fram at Bernt Øyvind Vad har utført ein solid innsats med traktor og beitepussar. Elles er førefallande arbeid utført av fleire.

Det er og utført ein større jobb med løypa over myra mot Lundarstøl. Her er blitt grøfta og tilrettelagt med gravemaskin. Det er og sett opp ein ein ny lysstolpe.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyning gjennom vintersesongen, særleg Magnar Hillesdal og Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løypenettet i fjellet.



-Ymse

Heimesida: stordski.no Facebook

stordski.no: Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

I tillegg ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til www.stordski.no og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

Mål- og aktivitetsplan: Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

Medlemmer: Skigruppa har i 2022 fått treningsavgift innbetalt frå 41 medlemmer.

Økonomi: Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2022.

Gruppeleiing: Etter valet på årsmøtet 07.03.2022 var styret samansett slik:

Leiar: Kjell-Inge Engevik, valt i 2022 for 1 år.
Styremedlemmer: Øyvind Gaute Berg, valt i 2022 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2022 for 2 år. Odd Stuve Rommetveit (kasserar), valt i 2022 for 2 år. Magnar Larsen, valt i 2022 for 2 år. Morten Føyen (vara), valt i 2022 for 2 år. Styremedlemmene Bernt Øyvind Vad og Jarle Haugland stod ikkje på val i 2022.

I 2022 er det gjennomført 3 styremøte + årsmøte

Trenarar og oppmenn: Øyvind Gaute Berg, Jonas Engevik Vørøs, Kjell-Inge Engevik og Morten Føyen.

Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2022. Styret takkar også til alle våre velvillige sponsorar:

Engevik Byggsenter AS, Engelsen Entreprenør AS, Borgen Advokatar AS,

Valvatne Bygg AS, Sunnhordland Bil AS, Wintershall AS og ABB AS

Stord, 6.3.2023


Kjell-Inge Engevik
Leiar


Odd Stuve Rommetveit
Kasserar


Øyvind Gaute Berg
Styremedlem/skrivar



Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2022

Styret 2022

| | |
|-------------|----------------------|
| Leiar | Henning Nordfonn |
| Nestleiar | Terje Almås |
| Kasserar | Onar Westerheim |
| Skrivar | Harald Westerheim |
| Styremedlem | Espen Nordfonn |
| Styremedlem | Stine Kjøs Horneland |

Andre funksjonar:

| | |
|------------------|--|
| Ispreparering: | Henning Nordfonn |
| Kjoskstyrar: | Frank Einar Pedersen/Thomas Haraldsen |
| Stemneansvarlig: | Kjell Håvard Belsvik |
| Trenarar: | Vegar Nylund (talentgruppa) John Kvarme og Terje Almås(rekruttgruppa) |
| Startar: | Terje Stokken har fungert som startar ved 3 internasjonale stevner |

Økonomigruppa:

| |
|------------------|
| Bjørn Dalen |
| Henning Nordfonn |
| Onar Westerheim |

Takk til sponsorar:

DNB Sparebanken Vest SR Bank Aker BP SKL
Øvrige sponsorer på Skeisekalenderen



| | |
|----------------------------------|---|
| Medlemer: | Skeisegruppa har 49 medlemmer pr 31.12.2022 |
| Styremøter: | Det vart avvikla 2 styremøter og eit medlemsmøte i 2022 |
| Aktivitetar/arrangement : | Årsmøtet vart avvikla 28.02.2022 Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2022. |
| Dugnadar: | Vakt handballfestivalen og 2 dugnadar for Fronta: Lagerrydding og rivingsarbeid i Prikkehuset |
| Drift av kiosk: | Publikum har hatt tilgang til banen og utleigeutstyr mot betaling med Vipps. Thomas Haraldsen har halde orden på pingvinar og utlånsskeiser |

Status skeisehall.

Stord IL og skeisegruppa jobbar fremdeles iherdig med å realisere ishallen på Vikahaugane.

Stord kommune har løyvd kr. 17,5 mill. til hallen. Vestland fylkeskommune har løyvd heile kr 15 mill, til dette flotte prosjektet.

Sparebanken Vest og SR bank i Stavanger har løyvd henholdsvis kr 1 mill. og kr. 500 000,-

Flotte bidrag som gjer at me nærmer oss ei realisering.

Me er ikke heilt i mål med finansieringa enda, men har mange spennende ting på gang som forhåpenlig vis setter oss i posisjon til å starta bygging no til våren.

Drift av skeisebanen i sesongen 2021- 2022

Drifta av skeisebanen denne sesongen har vært meget positiv. Været er alltid utfordrende men me har hatt gjennomgående gode isforhold. Økonomisk har det vært meget bra: Varmepumpa har levert store mengder energi til skulane og idrettshallane. Dette har gitt driftselskapet muligheter til å oppgradere det tekniske anlegget på banen. Frysemaskiner og varmpumper er no i meget god teknisk stand. Dette registrerer me også gjennom lite og ingen driftsstanser på anlegget.

Elles har medlemene hatt ulike dugnadsoppgåver med snørydding og før sesongen vart det lagt tepper under mattene for å få bedre drenering

| | | |
|------------------|---------------|--------------------------------|
| Styret i VIDRIVE | Styreleiar | Roy Sverre Amundsen |
| | Dagleg leiar | Henning Nordfonn |
| | Styremedlemer | Asbjørn Tverdal, Terje Stokken |

Elitegruppa

John Granli:

John har fortsatt sin satsning i Stavanger med Team Sørmarka. John har dette året satt personlig rekord på 5000 meter og 10.000 meter. John blei også dette året tatt ut til Neo-senior verdenscup Innsbruck og Finland. I Innsbruck ble han nr. 5 på 1500 meter og nr 3 samanlagt i verdenscupen som starta i 2021. Han vann verdenscupen samanlagt på 3000m. Han vart nr 4 i NM Senior Allround.

Personlige rekorder:

| | | |
|--------|----------|------------------|
| 500m | 37,31 | 5 Desember 2021 |
| 1000m | 1.11,70 | 4 Desember 2021 |
| 1500m | 1.47,49 | 5 Desember 2021 |
| 3000m | 3.42,33 | 4 Desember 2021 |
| 5000m | 6.42,58 | 20 Februar 2022 |
| 10000m | 14.05,71 | 18 Desember 2022 |



Erlend Belsvik:

Fortsetter sin fine framgang i Stavanger og har satt personlig rekord på 1500, 3000, 5000 og 10.000 meter dette året. I tillegg er han med som trener for rekruttene i Stavanger. Erlend Ble nr. 14 på NM enkeltdistanser på 5000 meter. Erlend ble nr 14 i NM Allround.

| | | |
|--------|----------|-------------------|
| 500m | 38,89 | 1 Mars 2020 |
| 1000m | 1.16,51 | 11 Januar 2020 |
| 1500m | 1.55,61 | 18. Desember 2022 |
| 3000m | 3.56,41 | 19 Februar 2022 |
| 5000m | 6.55,37 | 16 Februar 2022 |
| 10000m | 14.25,79 | 18 Desember 2022 |



Dina Storelid

Dina fortsetter å gå fort på isen. Hun flyttet til Stavanger i august 2022 og har i denne perioden hospitert hos Team Sørmarka. Hun har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Dina ble nr 5 på 5000 meter i NM Enkeltdistanser. Dina ble også tatt ut til Junior Verdenscup i Finland.

| | | |
|-------|---------|------------------|
| 500m | 43,74 | 16 Oktober 2022 |
| 1000m | 1.26,11 | 6 November 2022 |
| 1500m | 2.08,43 | 17 Desember 2022 |
| 3000m | 4.29,27 | 16. Oktober 2022 |
| 5000m | 8.00,01 | 18 Desember 2022 |



Talentgruppa

Talentgruppa har dette året trent gjennom heile sommaren. Dei har vert på haust is i Stavanger og gått løp på Stord, i Bergen og i Stavanger. Treinar har vert Vegard Nylund.

Magnus Sørheim Nylund

Magnus har fortsatt sin gode framgang. Han har forbedret teknikk og uthald i løpet av sommer og haust som viser igjen på isen. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året.

| | | |
|-------|---------|-------------------|
| 500m | 51.33 | 27. November 2022 |
| 1000m | 1.45.85 | 26. Mars 2022 |
| 1500m | 2.43.90 | 03. Desember 2022 |
| 3000m | 5.29,92 | 27. December 2022 |



Atitat King Thongbandit

King har fortsatt sin gode framgang på isen. Teknikk trening og bedre kondisjon i sommer og haust har gitt gode resultater på is. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året.

Personlige rekorder:



| | | |
|-------|---------|------------------|
| 500m | 50.35 | 26.Mars 2022 |
| 1000m | 1.43.81 | 04.Desember 2022 |
| 1500m | 2.40.35 | 03.Desember 2022 |
| 3000m | 5.57,69 | 04 December 2022 |



Rekruuttgruppa og aldersgruppa 10 – 12 år

Gruppa har trent godt i sommarsesongen og har denne sesongen bestått av 10 – 30 løparar. Dei har vert på haust is i Stavanger og gått løp på Stord, Bergen og i Stavanger. Dei har trent tirsdagar og torsdagar, mange har også trent laurdag og søndag. Trenarar har vert John Kvarme og Terje Almås.

De yngste øver på grunnleggende skøyteknikk og har forskjellige øvelser med kjepler. De litt eldre har startet med mer strukturerte økter med program. Vi har i løpet året fått flere nye løpere som prøver seg på lengdeløp skeiser.





SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Veterangruppa år 2022

Aktiviteten nasjonalt og har teke seg opp etter koronaepidemien. Internasjonalt var det få konkurransar i vårhalvåret, men VM-Sprint vart arrangert i Inzell under strenge covidrestriksjonar. Her må det og nemnast at russiske løparar var utestengde pga krigen i Ukraina.

Treningstilhøva på Vikahaugane har vore svært stabile og gode .

I gruppa er det i alt 5- 6 veteranar. 5 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 3 deltakarar.

OC-løp i Stavanger: 5 deltakarar

NM Hamar: 5 deltakarar

VM- Sprint : 2 deltakarar

Onar Westerheim 2.plass i H70

Jan Henriksen 5.plass i H75

Klubben held fylgjande noregs- og verdsrekordar pr. 31.12. 2022

Verdsrekordar : Onar M65 Stor firkamp 186,732

Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Onar M 70 1000m 1,30,36 Inzell

Harald M70 5000m 8.33.23 Stavanger

Harald M70 10000m 17.47.43 Stavanger

Årsbeste 2022

| | 500m | 1000m | 1500m | 3000m | 5000m | 10000 |
|----------------------|-------|---------|---------|---------|----------|-------|
| M50 | | | | | | |
| Kjell Håvard Belsvik | 43,55 | 1,26,80 | 2,13,73 | 4,47,55 | 8,09,10 | |
| M70/75 | | | | | | |
| Onar Westerheim | 48,09 | 1.36,48 | 2.30,61 | 5,19,81 | 9,18,02 | |
| M75 | | | | | | |
| Harald Westerheim | 53,86 | 1.45,30 | 2.40,68 | 5.31,96 | | |
| Jan Henriksen | 52,13 | 1.50,10 | 2.59,00 | 6,44,54 | | |
| Frank-Einar Pedersen | 61,78 | 2,04,02 | 3,08,44 | 6.31,86 | 11,20,03 | |
| 24,04,77 | | | | | | |

Veterangruppa vil retta ein stor takk til banemeister Henning Nordfonn og andre i gruppa som legg til rette for gode treningstilhøve og eit godt og triveleg miljø.



KLUBBREKORDAR pr dags dato

KVINNER

| | | | | |
|-----------|----------------|-----------|--------------|---------|
| 300m (VH) | Anja Sporsheim | Stord | 13. 02. 2016 | 28,99 |
| 500m | Anja Sporsheim | Calgary | 18. 03. 2016 | 43,46 |
| 1000m | Dina Storelid | Hamar | 06. 11. 2022 | 1.26,11 |
| 1500m | Dina Storelid | Inzell | 10. 02. 2023 | 2.08,03 |
| 3000m | Dina Storelid | Inzell | 11. 02. 2023 | 4.22,98 |
| 5000m | Dina Storelid | Stavanger | 20. 03. 2022 | 8.16,78 |

MENN

| | | | | |
|-----------|----------------|-----------|--------------|---------|
| 300m (VH) | Magne Notland | Stord | 27. 12. 2014 | 25,59 |
| 500m | Magne Notland | Calgary | 14. 03. 2015 | 36,60 |
| 1000m | Magne Notland | Calgary | 16. 03. 2017 | 1.11,04 |
| 1500m | John Granli | Inzell | 05. 12. 2021 | 1.47,49 |
| 3000m | John Granli | Inzell | 04. 12. 2021 | 3.42,33 |
| 5000m | Kjell Storelid | Hamar | 22. 01. 1999 | 6.30,05 |
| 10000m | Kjell Storelid | Salt Lake | 22. 02. 2002 | 13.27,5 |

Banerekordar Vikahaugane

KVINNER

| | | | |
|-------|---------------------------|------------|---------|
| 500m | Camilla Hallås Farestveit | 29.01.2005 | 47,50 |
| 1000m | Hanne Haugland | 12.02.2006 | 1.37,50 |
| 1599m | Dina Storelid | 28.12.2021 | 2.22,90 |
| 3000m | Dina Storelid | 03.01.2021 | 5.00,49 |

MENN

| | | | |
|--------|----------------|------------|----------|
| 500m | Magne Notland | 12.12.2012 | 42,00 |
| 1000m | John Granli | 30.01.2021 | 1.21,00 |
| 1500m | John Granli | 05.12.2020 | 2,05.37 |
| 3000m | Magne Notland | 28.12.2017 | 4.09.28 |
| 5000m | John Granli | 28.11.2020 | 7.29,57 |
| 10000m | Erlend Belsvik | 02.02.2019 | 16.17.67 |



Årsmelding 2022 - Stord Volleyball



Om året:

Året 2022 har vært begivenhetsrik og turbulent. Det starta med at Noreg var i lock-down, noko som gjorde at me ikkje fekk starta opp med treningane før litt ut på året, men når me endeleg kom i gang var det fullt kjø. Damene og herrene har hatt regelmessig trening gjennom året, og herrene har deltatt på mange kamper gjennom året.

Ungdomslaga har vært prega av frafall, og Minivolleyball har hatt ein treig start. Det har vært vanskeleg å få foreldre/vaksne til å stille som trenar, noko som gjer at arbeidet med å skape eit tilbud for unge i alle aldre. Dette er noko me jobbar kontinuerlig med å kunne behalde.



Styret

Leiar: Rikke Frafjord Ørstavik
Nestleiar: Elisabeth Nonås Fylkesnes
Økonomi: Ole Sæbø Sævareid
Styremedlem: Marie Djuve Aadland
Styremedlem: Frederik Degrave
Styremedlem: Oliver Hovland
Ungdomsrepresentant: Lars Brekke

Det har vært gjennomført 8 styremøter, der det første var ein styremiddag for å ønske nye styremedlemmar velkomne.

Alle har våre fysiske, og me har brukt møterommet vårt som ligger i gamlehallen. Styret har etter beste evne prøvd å fordele arbeidsoppgavene mellom styremedlemmene, slik at arbeidsbelastningen vert fordelt utover. Styret består av medlemmer mellom 16 og 31 år.

Økonomi

Volleyballgruppa har i 2022 hatt ein ujevn medlemsmasse, og me har jobba gjennom året for å få alle medlemmane inn på Spond. Det som har vært litt vanskelig har vært å få medlemmene inn i Klubbadmin, og me har dermed ikkje fått sendt ut faktura til alle på hausten. HobbyVolley på våren og hausten var dei viktigaste inntekstkildane gjennom året. Gruppa har søkt økonomisk støtte hos ulike aktører og fått mulighet til å gjennomføre mindre prosjekt.

HobbyVolley

For første gong på lenge kunne Stord volleyball arrangere HobbyVolley på både våren OG hausten. På våren var det bare 28 lag som meldte seg på, og hovedgrunnen til det var nok at HobbyVolley kom rett i konfirmasjonssesongen. Dette har styret no lært av, at ein skal grundig sjekke opp i kalenderen FØR hallene reserveres.

På hausten kjørte me på med eit prøveprosjekt der HobbyVolley blei arrangert over 2 dager, både laurdag og søndag. Det var totalt 33 lag påmeldt, 20 lag på lørdag (dame/herre), 13 lag på søndag (mix).

Tilbakemeldingene var blandet, men å fordele turneringen over 2 dager skaper mindre stress og hastverk mellom kampene og gir organisasjonen og lagene en mer avslappet opplevelse. Dette gir også rom til å flere lag med i turneringen og øke inntekspotensialet. HobbyVolley i våren 2023 skal ha samme konsept, men vi bytter om dagene, slike at Mix klassen blir spilt på lørdagen og dame/herre klassene på søndag.

Sandvolleyballbanane


Sandvolleybanen på vikahaugane er mindre brukt no som me har fått laga til ein dobbel bane på Nordbygdo. I august hadde volleyballen ei lita økt der me luka, raka sand og generelt rydda opp på og rundt området. Det var viktig å få det gjort slik at håndballen kunne benytte seg av banen til håndballfestivalen, og turneringane med sandhåndball.

Den doble banen på Nordbygdo er hyppigare brukt av ungdomane, då det er eit naturleg møtepunkt for dei unge. Kommunen har ikkje kommet til å asfaltere rundt banen, sette opp bosspann eller lage høgare gjerde, så dette er noko styret fortsette å pushe på med.

På slutten av somaren arrangerte styret ein liten turnering, der kven som ville kunne komme å spele. Det var litt kort varsel i og med at det er vanskeleg å planlegge når det passer best med ein utendørs turnering på vær utsatte Stord. Det kom ein liten gjeng med folk, eit par som me kjente og eit par litt

ukjente. Det var frå før eit par ungdomar på banen, og han eine blei med å spelte. Etter ein times tid med speling, spanderte styret pizza og brus på dei som var med.

Me håpar på at til neste somar kan me stelle i stand ein større turnering, og dra med oss endå fleire folk. Dette vil forhåpentligvis tenne gnisten hos ungdomer i området, at dei kan få ein liten smaksprøve.



Diverse aktivitetar

Året 2022 var frivillighetens år, og i forbindelse med dette arrangerte Stord kommune "Folk i sentrum". Dette var ei samling av folk som hadde stands, opptredner og drog folk til sentrum. Volleyballen hadde ein stand oppe ved rådhuset, og det kom mange voksne og barn innom for å snakke. Me lodda ut ein sandvolleyball, og dette gjorde at mange folk stoppa for å snakke.



Minivolley

Gjennom året var det Øyvind Storebø og Frederik Degrave som var trenera på denne økta. Det var gjennom året få som stilte opp, men dei som stilte møtte opp med smil kvar trening. I oktober deltok Frederik Degrave og Rikke F. Ørstavik på eit teams møte med Volleyballforbundet for å få informasjon om "Minivolleyball etableringspakken". Dette er eit tilbud som inkluderer spennende og kjekke leketøy som kan brukes i treningen, samt ein katalog med diverse øvelsar som kan brukast. På slutten av året inviterte styret og trenerane til åpen trening med intensjon om å kunne ta bilder til å bruke i promotering på nyåret.



Ungdomsgruppene

Frå januar og frem til sommeren var det ei samla gruppe for ungdommane som Marie Aadland Djuve og Oliver Hovland var trenera for.

For å satse meir på ungdommane, delte me dei inn i to grupper i august. Ved å dele opp i jenter og gutter har dei mulighet for å kunne delta på turneringer. For gutane kom Kjartan Bay inn som trenar, og for jentene kom Tuva Iversen inn.

Jente 19

U19 jentene var på sitt siste år på VGS, og etter skuleslutt skulle dei ut i verden for å studere. Dette gjorde at Stord volleyball ikkje lengre har eit U19 jentelag.

Dei avslutta karrieren i klubben med å reise til Molde og til NM, der dei kom på ein 11. plass. Stord Volleyball og styret ønsker jentene all lykke til vidare.

Dame senior

Damelaget har regelmessig hatt treningar mandager og torsdager gjennom heile sesongen. Året starta med restriksjoner, men fekk starte med trening på våren. Då organiserte laget treningane sjølv. Frå august var det ein del av U19 jentene som fortsatte å trene med damelaget, og det var rundt setember Håvard B. Andersland tok over som trenar. Dette har vært med å løfte kvaliteten på treningane og samholdet i laget. Det har vært frå 7-14 på trening, i periodar fleire.

Herrelaget:

Denne sesongen har herrelaget også fått mange nye spelarar, og kan vise til treningar der det har vore 18 stykk som har stilt. I snitt har det vore rundt 12 på treningane. Mesteparten av spelarane som er med denne sesongen er nye spelarar, og så har laget ein stamme på 6-7 erfarne spelarar. Det gode oppmøte på treningane denne sesongen, har det gitt herrelaget mulighet til å ha meir fokus på øvelsar med 6-mot-6 og treningskampar på treningane.

Før sesongstart blei det enighet om å forsøke seg i 2.divisjon. I årets sesong er det 7 lag som deltar i 2.divisjon. Sidan det er mange nye spelarar på laget, blei spelargruppa enige om at fokuset blir på å gje alle speletid framfor å toppe lag til kvar kamp. Dette for å gje fleire av dei nye kamperfaring på dette nivået. Det gjenstår fortsatt fleire runde igjen av serien. Per dags dato ligg Stord på 6.plass i serien. I september reiste herrerne ned til Stavanger for å delta på VestCup turneringa, dei betalte ein eigenandel og fekk litt støtte frå klubben.



VolleyForAlle (Tidl. open trening)

Gruppa hadde ein treig og humpete start, og ein kan merke virkingane av covid åra. På grunn av både lite oppmøte og ingen som kunne være ansvarlig for å opne/lukke, valgte styret å midlertidig legge ned torsdagstreninga for gruppa. Det var delte meininga om dette blandt medlemmane, men det viste berre at tilbudet er sterkt ønska. Det har i løpet av hausten vært mange som har deltatt på VolleyForAlle treninga, så styret håper at me kan starte opp igjen torsdagsøkta for denne gruppa. Det har vært Åshild Giving som har hatt ansvar for å låse opp/lukke på onsdagstreningene, og ho har gjort ein veldig god jobb med å få deltakerne inn på Spond, slik at styret har kontroll på kven som kjem på dei ulike treningane og interessa for tilbudet. Det er nå opp mot 30 stk som stiller på treninger.

Veterangruppa

Veterangruppa har ikkje hatt treninger denne sesongen.



ÅRSMELDING STORD IL SYMJEGRUPPA

Innleiing

Stord IL Symjegruppa har lagt bak seg eit utfordrande, men innhaldsrikt og positivt år i 2022. Covid-19 pandemien har påverka både drift og aktivitet og ikkje minst dugnadsånd i laget i stor grad. For i det heile å få lov til å trenar, måtte symjegruppa stilla med reinhaldspersonell/desinfiseringspersonell før og etter kvar trening. Dette har gått ut over treningstid og ut over engasjement til både føresette og utøvarar.

Gjennom heile pandemien har me klart å oppretthalda eit vist treningsgrunnlag for alle gruppene. Det er tre grupper i Stord IL Symjegruppa, Rekrutt, Aspirant og Satsing. Då Covid var over var også satsing-gruppa nesten utan utøvarar. Dette har ulike årsaker, men i hovudsak at Covid-restriksjonar som førte til at det ikkje var opprykk mellom gruppene og at deltakarane på satsing har flytta i samband med skule og liknande. Aspirantgruppa var lik som før Covid og Rekruttane heller få. Symjegruppa har difor hatt fokus på å få nye medlemmer i Rekrutt-gruppa og at det vert fokusert på å delta i konkurransar i nærleiken som Haugesund, Bergen og Stavanger.

Det er og tilsett ein hovudtrenar som og har ansvar for «Trygg i vann» (Rehab-bassenget) og ansvar for at det til ei kvar tid er trenarar til dei forskjellige gruppene. Dette har virka særdeles bra, me har no ein god kontinuitet i treningane og i gruppene. Rekruttane tel no 35 utøvarar med to treningar i veka, Aspirant 19 utøvarar med 3 treningar i veka og Satsing 9 utøvarar og mulighet for 6 treningar i veka.

Me har og no etter kvart begynt å få med oss foreldra både «på kanten» og som ivrige deltakarar i sosiale interne arrangement.

Medlemsoversikt

Med trenarar, aktive foreldre og symjarar er me no over 104 i aktivitet for symjeklubben for våre 63 symjarar.

Trenarsituasjon

Stord IL Symjegruppa vil takka alle trenarane våre for god innsats i året som har gått. Me får mange og gode tilbakemeldingar frå utøvarar og føresette, og vil etter beste evne forsøke å fortsette dette gode arbeidet som blir utført. Trenarane har i løpet av kvart år livredningsprøve med god oppslutnad. Våre trenarar får også tilbod om kurs, og både trenarar og føresette får årleg tilbod om dommarkurs.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.7 ÅRSMELDING SYMJEGRUPPA

Aktiviteter og arrangement.

Stord IL Symjegruppa har gjennomført eit internstemne i november. Her var det godt oppmøte både av utøvarar og av foreldre og me hadde idrettslaget sin kulaste nisse på vitjing som dødsa frå 5-meteren. Det var konkurranse for alle utøvarane, stafett og etterpå kafe og loddsal i Speilsalen. Me har og hatt pizzakveld på Peppes for alle utøvarane.

Stevner

Aspirant og satsing er så vidt kome igong med stevner. Det har vore deltakarar på tre stevner i 2022 frå Stord IL Symjegruppa, og me kan gleda oss over ivrige utøvarar.

Stord Swim Cup

Stord IL Symjegruppa si hovudinntektskjelde har vore symjestemne ein gong i året. Dette har grunna Covid-restriksjonar ikkje latt seg gjennomføra, og gruppa har per i dag ikkje organisasjon eller kunnskap til å arrangere eit slikt stort arrangement.

Trygg i vann

Tilsett hovudtrenar Magnus Sortland har ansvar for å gjennomføre Trygg i vann- kursa for Stord IL Symjegruppa.

Økonomi

Stord IL Symjegruppa har penger på bok etter Covid-pandemien. Med dagens drift vil me kunna driva utan tilskot om lag fram til sumaren/hausten 2023. Gruppa må difor fokusera på å henta inn inntekter, og søker forskjellige fond om tilskot når desse dukker opp.

Stord IL Symjegruppa har inntekter frå Trygg i vann-kursa, desse inntektene går i hovudsak til å dekkja løn til hovudtrenar.

Stord IL Symjegruppa sine største utgiftspostar i 2022 er leige for symjehall til Stord kommune med kr. 172.860,- (inkl. rehab-bassenget for Trygg i Vann kursa) samt lønskostnader til hovudtrenar og ungdomstrenarar som totalt var på kr. 173.849,-.

09.03.23

Styret



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2022

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltakarane har kunne avlagt prøvane.

28 har tatt Idrettsmerke i år. 1 stk. meir enn i fjor. **Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Mange ulike øvelser. Så med går for fleire til våren.**

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2022: Gisle Tjong, Per Lunde, Frank Pedersen og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka **Sport1** for lysinga i Bladet Sunnhordland.

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Mykje godt humør.

Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

Leiar Idrettsmerkegruppa



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.1.8 ÅRSMELDING IDRETTSMERKEUTVALGET 2022

| Etternavn/fornavn | Født år | Lag/skole /annet | Antall ganger | Merke/ utmerkelse |
|---------------------------|---------|------------------|---------------|-------------------|
| AGDESTAIN, TOVE VIKANES | 1964 | Stord IL | 23 | |
| ALMÅS, ASLAUG GROV | 1972 | Stord IL | 30 | Hederspris |
| ALMÅS, MALENE GROV | 1997 | Stord IL | 9 | Gull |
| BØE, JAN | 1940 | Stord IL | 58 | |
| CRUICKSHANKS, MARIT SÆTRE | 1951 | Stord IL | 12 | |
| DAHL, HELGE | 1953 | Stord IL | 36 | |
| HAUGEN, HARALD | 1939 | Stord IL | 60 | |
| HENRIKSEN, JAN | 1946 | Stord IL | 16 | |
| KVARME, JOHN | 1956 | Stord IL | 9 | |
| LUNDE, ARILD | 1977 | Stord IL | 1 | Bronze |
| LUNDE, KRISTIAN | 1936 | Stord IL | 65 | |
| LUNDE, INGA HELLAND | 1956 | Stord IL | 5 | Sølv |
| LUNDE, PER | 1946 | Stord IL | 44 | |
| MATRE, HALLGEIR | 1953 | Stord IL | 39 | |
| NILSEN, ANDERS GROV | 1974 | Stord IL | 30 | Hederspris |
| NILSEN, ØYSTEIN GROV | 1980 | Stord IL | 14 | |
| NORDHUS, STEINAR | 1948 | Stord IL | 37 | |
| OTTESEN, ARNE | 1973 | Stord IL | 23 | |
| PEDERSEN, FRANK E. | 1946 | Stord IL | 22 | |
| ROALKVAM, KÅRE | 1931 | Stord IL | 61 | |
| SAUE, HANS ERIK | 1959 | Stord IL | 14 | |
| SAKSEID, MAGNE | 1950 | Stord IL | 45 | |
| TVERDERØY, HARRIET | 1947 | Stord IL | 45 | |
| VESTBØSTAD, HÅKON | 1961 | Stord IL | 45 | |
| ØEN, GERDA MALENE | 1952 | Stord IL | 36 | |
| ØEN, JAN OVE | 1949 | Stord IL | 44 | |
| AASHEIM, MARIE | 1946 | Stord IL | 50 | |
| ÅSE, WENKE | 1965 | Stord IL | 7 | |



Årsmelding allianse- idrettslag



Idretts glede heile livet



STORD FOTBALL
1918 - 2022

ÅRSMELDING 2022



ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2022

INNLEIING

2022 var endeleg eit fotball år som ikkje vart så prega av pandemien og restriksjonane som me har hatt dei siste sesongane. Puttefestivalen kunne endeleg gjennomførast igjen til glede for dei minste (og alle heldige som var vitne til den sportslege gleda som vart utøvd i løpet av helga).

Me kunne sakte men sikkert komme i gong med fotballen og ein kunne igjen høyra dommarar som bles i fløytene på Vikahaugen. Det var knyttta spenning til om me fekk eit stort forfall i idretten vår slik som det vart rapportert om både lokalt og i media innan andre idrettsgreiner.

Me har hatt stor aktivitet i klubben. Det har vore gjennomført seriespel for alle lag, cupår, sommar klubb, samt tilbod ved skulefri gjennom skuleåret. Me har diverre ikkje kunna starta opp med alle tilboda me hadde før pandemien grunna for låg påmelding, dette vert det jobba aktivt med. Det er svært gledeleg å sjå at det enno er forholdsvis fleire store årskull. Pandemien har nok ført til ein del fråfall, og då er det viktig at me får nye kull som har mange unge spelarar, samtidig som me jobbar med å holde på og rekruttere i dei eldre laga. Her blir det gjort mykje godt arbeid, men det er ikkje enkelt. Eit godt initiativ er gjort saman med Solid og Trott, og me har fått etablert AlleMe prosjektet som har som mål å rekruttere nye og gamle fotballinteresserte unge, samtidig som me blir kjent med andre spelarar og leiarar frå naboklubbane. Eit imponerende samarbeidsprosjekt som har gode sponsorar i ryggen og Trond Mohn som ein garantist for midlar som er nødvendig. AlleMe vart ein kjempesuksess og vil bli vidareført i 2023.

Stord Fotball har vore drive godt over lang tid, og me er stolte av å igjen levere eit økonomisk resultat som er betre enn budsjettert, sjølv om me i 2022 budsjetterte med eit lite underskot. Sponsorane våre er lojale, og det gir oss ein kontinuitet og rammeverk som trengst for å ta nye steg i både i kvalitet og resultat. Det er også gledeleg å sjå at fleire av prosjekta våre har kunna vidareførast, sjølv om me skulle ynskje å kunna tilby fleire.

Kvalitetsklubben er eit anna rammeverk som det blir jobba godt mot. Det meste er på plass strukturelt og me jobbar med å fylla postane i klubben med gode folk som vil vera med å utvikla klubben i positiv retning. Neste år vert jobben å kvalitetssikra at Kvalitetsklubb stempelet vert oppretthalde.

Til slutt vil styret takke alle i administrasjonen, alle frivillige og alle spelarane for ein utruleg positivitet og innsats i ei vanskeleg tid. Noreg har opna opp igjen og 2023 kjem til å bli eit fotball-år med fulle serierundar, turnerings-turar, overnattingar og ikkje minst Puttefestival akkurat slik me vil eit godt fotball år for Stord Fotball sine medlemmer skal vera. Styret har tru på idrettsglede, meistringsfølelse og gode resultat for både dei små, unge og vaksne. Ekstra gledeleg å sjå at me klarer å knytte til oss yngre generasjonar som kan vera med å driva klubben vidare. Me ynskje tanter, onklar, besteforeldre, naboar, tidlegare medlemmer og dei som måtte ha tid og anledning velkommen til å delta i klubben vår. Me har alltid plass til fleire.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ØKONOMI

Rekneskap 2022 og budsjett 2023

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2022 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr 121.135,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit overskot på kr 24.119,-. Eigenkapitalen ble auka frå kr 3.084.197,- pr. 31.12.2021 til kr 3.108.317,- pr. 31.12.2022.

Budsjett for 2022 var negativt med eit resultat på kr -340.000 og med ei inntekt på ca. 8,1 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2022 på ca. kr 8.521.800,-. Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2022 ca. kr 8.497.700. Resultat for 2022 viser dermed eit resultat som er ca. kr 364.100 betre enn budsjett. Dette takka vera noko betre salsinntekter, og kostnadsbesparelsar.

Samla langsiktig gjeld pr. 31.12.2022 er kr 3.032.798,-, der kr 1.352.798,- er lån i Sparebanken Vest, og kr 1.680.000 lån hjå Stord kommune. Totalt er dette ein reduksjon i langsiktig gjeld på kr 324.144 frå kr 3.356.942,- pr. 31.12.2021.

Låna som vart refinansiert i 2018 gjeld nesten i si heilheit finansiering av garderobeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubbhus på Vikahaugane.

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde ca. kr 251.400,- i 2022.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.
Rekneskapet er i 2022 ført av ECIT Stord AS
KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2022.

Styret legg fram eit budsjett for 2023 til årsmøte som viser et underskot på kr -275.000,- og ei inntekt på ca. kr 8,5 mill.



ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2022 hatt det trettende året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Samla har det vore 55 lag i Stord Fotball i 2022, medrekna 16 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2021.

Det var registrert ca. 530 medlemmer i 2022. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 130 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2022. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne, ungdomsgruppa og a-laget. Torbjørn Agdestein vart tilsett 1. april. Torbjørn sin stilling har vore delt i 50% som spelar på a-laget og 50% i adm. Torbjørn har jobba som trenar på prosjekta og Stord Videregående. I tillegg har han jobba med sponsorar, Puttefestivalen, Romjulscupen, julakalenderen osv.

Åge Aadland hadde i 2022 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap.

Stord Fotball har og i 2022 fått god hjelp av Andreas Brakedal Eide og Pia Østrem, som har bidratt til å få prosjekta til å gå rundt. I tillegg har mangen ungdommar jobba på fotballskular, sommarklubb osv.

I 2022 har det vore litt meir sjukemeldingar og anna fråvær enn det me skulle ønska. Mesteparten av dette er knytta til sjuke barn.

I tillegg har sjølvsgagt Covid-19 påverka Stord Fotball, men heldigvis klarte Stord Fotball å unngå permitteringer i 2022.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Visjonen vår skal visa at me i Stord Fotball vil gi alle som vil spela fotball eit tilbod som gir kvar og ein ein følelse av mestring ved å delta på aktivitetane våre. Alle skal føla at dei har det kjekt og at dei lærer noko i eit trygt miljø med venene sine. Spelarane våre skal vera trygge og alle skal inkluderast i fotballfamilien, og me skal skapa godt samhold i laga våre.

I tillegg vil Stord Fotball og gi eit tilpassa tilbod til dei som ynskjer å trenast meir.

Stord Fotball ynskjer at barn og ungdom i klubben skal trivast og føla meistring i fotballaktiviteten sin. Det er viktig for klubben å gi spelarane våre variert og utviklande tilbod som gjev dei motivasjon til å drive med fysisk aktivitet. Klubben ynskjer at tilbodet skal gi ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling, der god helse og fysisk dugleik er bærekrafta i ein sunn konkurranse med jamaldrande.

Stord Fotball sine verdiar *venskap, identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling* skal gjenspeilast i aktiviteten som me tilbyr medlemmene våre. Med fokus på desse verdiane ynskjer me at me kan vera med å utvikla gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen hjå medlemmene våre.

Som Kvalitetsklubb jobbar Stord Fotball med fokus på at det er «Klubben som er sjef», dvs at det er organisasjonen og reglar/rammer i klubben som skal styra aktiviteten. Sportsleg utval i klubben har gjennom året 2022 hatt god kontakt med laga i klubben og har til ein kvar tid ansvar for å påsjå at sportsplanen i klubben vert fulgt. Rekrutterings- & opplæringsansvarleg i klubben har organisert oppstart av nye lag og gjennom sesongen organisert kurs for trenarane våre slik at me følger krava me har som kvalitetsklubb. Dommaransvarleg har gjennomført sine samlingar og rekruttering av dommarar i sesongen 2022. Fokuset vårt på opplæring av både trenara, dommarar og andre frivillige i klubben gir oss eit apparat som gir medlemmene våre eit enda betre tilbod, noko me syns er viktig. Gjennom aktiviteten vår har me og eit samfunnsansvar som me og skal ta vare på og i haust vart det organisert samling for trenarar og lagleiarar i ALLE ME prosjektet der me hadde fokus på «Trygge rammer i kampen – språkbruk, mobbing, rasisme, Fair Play & speletid». Ved å fokusere på eit årleg tema innanfor trygge rammer kan me bidra til at trenarane og lagleiarane våre gir barna og ungdommane gode haldningar med på vegen også utanfor fotballbanen.

Med dei ulike prosjekta i klubben ynskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2022 fulgt vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førsteval for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

Strategien for seniorfotballen har gitt motiverte og treningsviljuge ungdommar eit springbrett vidare og i 2022 har me og hatt fleire spelarar som har teke steget til høgare nivå i klubbar i både Bergen og Haugesund. Dette er noko me i Stord Fotball er svært stolt over.



KLUBBUTVIKLING

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Det økonomiske resultatet for 2022 er tilfredsstillande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei frivilljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevningane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Speakerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjeringsom kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå.

Kvalitetsklubb prosjektet som har fokus på at det er Klubben som er SJEF har pågått over fleire år, der me i etappar har fått på plass dokumentasjon og gjennomført aktivitetar ihht. Fotballkretsen sine 22 kriterier, som ligg som krav til kvalitetsklubb sertifiseringa. Sportsplanen er eit av dei viktigaste dokumenta, og er grunnlaget for korleis den sportslege aktiviteten i laget skal drivast. Denne planen har vore revidert i dei sportslege utvala våre og den viktige delen er å få organisasjonen til å ta eigarskap til denne. Framover er det Sportsleg utval som har ansvar for å påsjå at denne vert etterfulgt og følge opp at nye trenarar/lagleiarar får kjennskap og eigarskap til denne. Eit anna viktig kriterie er trenarutdanning og krava som skal vera oppfylte der. I haust/vinter har ein jobba iherdig for å få trenarane våre på kurs. Kjersti Klingsheim har også i 2022 hatt ansvaret som utdanningsansvarleg, og har gjort ein svært god jobb med å følge opp at trenarane er blitt kursa, enten på kurs i egen regi eller frå kretsen si side. Gjennom kvalitetsklubb prosjektet har me fått på plass klare rollebeskrivelser for alle dei viktige rollene i organisasjonen vår. Noko me meiner vil gjera det enklare å rekruttera frivillige inn i Stord Fotball. Stord Fotball vart i 2020 klar for sertifisering som Kvalitetsklubb på nivå 1. Sermonien er utsatt p.g.a Covid-19.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste.

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ynskjer eit ope og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2022, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

SPELARUTVIKLINGSTILTAK 2022

Stord Fotball har i 2022 hatt nokre spelarutviklingstiltak som unge spelarar i Sunnhordland har kunna nytta seg av.

Telenor Xtra – ei fritidsordning med hovudvekt av fotball. Dette er eit sportsleg og aktivt alternativet til den ordinære skule fritidsordninga. Jamt rundt 30 deltakarar i 2022. Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik har vore hovudtrenarar.

Subshore Akademiet

Øktene vert leia av Torbjørn Agdestein, Jon Andre Røyrane, Andreas Brakedal Eide og Robin Øvrevik

Subshore Akademiet - Jenteløftet

24 jenter frå årskulla 2008 og 2007. Spelara frå Fitjar, Stord, Trott, Trio og Halsnøy. Trener ilag kvar måndag etter skuleslutt. Prosjektet vart avvikla sommaren 2022. Eit godt sportsleg prosjekt som me startar opp att på våren 2023

Subshore Akademiet – 4.-7.klasse

Ved utgongen av 2022 var det påmeldt 40. Desse kjem frå ulike klubbar: Stord, Trott, Solidog Rosendal.

Spelarane trenar 2 økter i veka.

Fotballskule på Moster – 4.-7.klasse

På vårsesongen 2022 var Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane på moster 1 gong i veka og gjennomførte fotballtreninger etter skuleslutt for om lag 30 deltakara.



ANLEGG

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i egne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobeanlegga og klubbhus vart gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemidlar. Bygga har allereie vist seg å vera ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett. I 2021 har klubbhuset vore mindre brukt enn ein ynskjer. Dette p.g.a situasjonen med Covid 19.

Ein har òg, i 2020, utvida kjøkkenet i klubbhuset, den har fått opp veggjar med vindauge i, slik at ein får ei kiosk-løysning, samt fått inn steamer. Her har Sparebanken Vest gitt midlar som har kome godt med.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbetalt 3,0 mill. kr. i spelemidlar for garderobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

I 2021 vart heile 1.etg. i Speakerbuo pussa opp. Stord Kommune har betalt alt, medan Jonathan Zaneski har utført jobben på dugnad.

Det er òg komt opp nye kiosk-fasilitetar som vendar ut mot kunstgrasbanen, ved inngong til gamle delen av bygget. Denne er sponsa av Stord Bil & Dekksenter, og vert kalla for AutoMester-kiosken.

Baneanlegg

Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein meir oversiktlig og rasjonell måte enn tidligare.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane står fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg og har vært hovedarena for mangen lag denne sesongen. Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2022. Senior herre nytta grasbanen som heimearena i 2022. Det er von om at Stord kommune skal rehabilitere grasbanen i 2025.

Styret er no involvert i utarbeiding av planer for bygging av tribunetak. Setene på tribunen mot grasbanen vart skifta våren 2020. Nye innbyttarbenker på grasbanen vart og ferdigstilte før sommaren.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

DOMMARAR

Ungdom og vaksen fotball

Årets dommarsesong vart spela som full sesong etter pandemien, noko som var gledeleg for alle tilknytta fotballfamilien. Aktiviteten var høg, og det viste også igjen på antall kamper å dømme. Ved utgongen av 2022 var me 10 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball – ein auke på to frå 2021. Gledelig nok fekk me 2 nye kursa like før sommarferien, mens 1 reiste til Bergen og tok kurs der i oktober. Ein av våre dommere meldte overgang til Haugar ila sesongen, det var venta då han bur i Haugesund.

Nytt av året var at Rekrutteringsdommarkurset er todelt – 1 e-læringsdel som må bestås, før ein dag med fysisk oppmøte.

Stord-dommarane hadde til saman 261 kampar i ungdom og seniorfotballen gjennom sesongen, noko som må seiast å vera veldig bra. I tillegg hadde me ca 30 treningskampar – dei aller fleste for lag tilhøyrande klubben, men òg andre lag i distriktet.

Dommargruppa har hatt 2 samlingar i 2022, samt me hadde felles kick off møte med alle dommerne i sonen i mars før sesongstart. Fokus der var bl.a. å fortsette å løfte samarbeidet på tvers av klubbane og rekruttering av nye dommarar. I tillegg sprang 7 av dommarane i sonen fysisk test for å kunne dømme i 4. div som assistentdommar.

Det er ved utgongen av 2022 opp i mot 30 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland (inkl Trio). Dette er ei auke på ca 10 dommere ift ifjor, og det er pt bra dekning av dommere, spesielt i dei yngre årsklassane. Det er òg gledeleg at sonen i 2023 har 2 dommarar i 5 div menn/3.div damer.

Ved vårsamlinga i regi kretsen var 4 av dommerane deltakarar på Thon Hotel Kokstad, mens 3 av dommerane var på haustsamling på Park Hotel Voss. Dette er nyttige arenaer for fagleg og sosialt påfyll.

I Sunnhordland er det som sagt ved inngongen til 2023 bra belegg av dommere. Ein bør imidlertid oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommar-kurs som blir arrangert kvar vår i sonen vår – neste kurs er planlagd 4.februar 2023 på Vikahaugane.

Barnefotball

I vårsesongen var det G/J 14 som dømte kampene i barnefotballen – dei fortsatte med sine dommaroppgåver som starta hausten 2021. Dei gjorde ein meget god jobb og tilbakemeldingane er udelt positive.

Før haustsesongen og Puttefestivalen var G/J13 inne og tok Klubbdommarkurs. Dei har òg gjort ein strålende jobb gjennom hausten, og kjem til å fortsette vårssongen 2023.

4 dommarar fra barnefotballen var i august på kurs for å kunne dømme 9`er fotball i 12 årsklassen. Dette er ein god læringsarena for å rekruttere til vidare dømning i ungdomsklassen.



KURS OG UTDANNING

Kursaktiviteten i 2022 har i Stord Fotball vore god.

Me har gjennomført grasrottenarkurs del 1, 2 og 3 både på våren og hausten på Vikahaugane. Deltakarar har vore trenarar frå Stord fotball og naboklubbane våre, og oppmøte har vore bra.

Stord Fotball har mange lag som no oppfyller trenar-kurs kriteriane til det å vera Kvalitetsklubb.

No tek ein sikte på å arrangera delkurs 4 på Vikahaugane på våren 2023 og igjen arrangera dei andre delkursa til hausten.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

AKER SOLUTIONS PUTTEFESTIVAL

ENDELEG kunne me arrangere den store fotballfesten (Aker Solutions Puttefestival) på Vikahaugane igjen!

Etter at pandemien gjorde at me ikkje kunne arrangere Aker Solutions Puttefestival i 2020 og 2021, var det STOR STAS å få gjera det igjen i 2022.

Responen var god med nesten 200 lag frå Stavanger i Sør til Bergen i Nord. Og, tilbakemeldingane frå deltakarane var stort sett veldig positive. Med andre ord har omkring 1 250 unge fotballspelarar hatt ei kjekk helg på Vikahaugane. Det same har ei rekke søsken, foreldre, onklar, tanter, besteforeldre, osv. Me er veldig takksame for alle som kom!

Puttefestivalen har i alle år vore arrangert med god støtte frå det lokale næringslivet på Stord. Mange har vore med å bidrege. Og mange har vore med over mange år. Dette er med å gjer det mogleg å arrangere ei slik turnering som dette. Me er sjølvstøtt veldig takksame for dette!

Puttefestivalen er også heilt avhengig av mykje dugnadsinnsats. Ein solid og positiv arrangementskomité utgjer ryggraden i dugnadinnsatsen. Takk til alle dykk som er med her! I tillegg er me heilt avhengige av stor dugnadsinnsats frå foreldre og spelarar i klubben. Om lag 500 dugnadsvakter skal fyllast. Her er me heldige. Foreldre og spelarar veit å stille opp. Takk til dei også!



ØVRIGE ARRANGEMENT

Stord Fotball har i 2022 arrangert følgjande:

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotballskule i haustferien, ei veke.

Fotballskule tre dagar i desember.

Fotballdag, 4 gonger, på planleggingsdagar.

3v3 cup, inne, i november.

Puttefestivalen i august.

Romjulscupen.

3v3 i feb/mars og ungdomscup i januar vart alle avlyst p.g.a Covid-19.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

SENIOR MENN

Etter ein svak poengfast på vårsesongen, løfta laget seg kraftig etter sommarpausen og enda til slutt på ein 9. plass i Norsk Tipping Ligaen avd 3.

Stord var laget i divisjonen som scora 3-flest mål, berre slått av avdelingsvinnar Brann 2 og 2. plass Fana. Til gjengjeld hadde laget utfordringar i andre enden, og slapp inn totalt 70 mål.

Det vart ein lærerik sesong for både spelara og trenara. Med ein miserabel vår og ein god haust fekk ein kjenna på nedturar og oppturar.

Årets høgdepunkt var siger borte mot opprykksjagande Brodd og ei rekkje på 7 kampar med 6 singlar og 1 uavgjort var det nok til sikre trygg plass og fornya tillit i 3. divisjon.

Apparatet rund laget:

Robin Øvrevik – Trenar
Jon Andre Røyane – Trenar
Heine Nysæther Storevik – Assistent
John Andre Njåstad - Keepertrenar
Jan Aksnes – Materialforvaltar
Ivar-Andre Vedå - Materialforvaltar



JUNIOR 1

Sesongen 2022 blei ein god sesong både sportsleg og sosialt.

Laget tok under sesongoppkøyringa Stord A-lag sin plass i ein lokal Vinterserie saman med lokale A-lag. Det ga junior laget god og tøff matching, og enda til slutt med finale mot Bremnes som blei tapt med eit mål.

Etter at seriespelet i 2020 og 2021 blei noko amputert på grunn av restriksjonar knytt til pandemien var det i 2022 igjen klart for fullt seriespel både vår og haust. Stord junior var regjerande krinsmeister, og det var knytt spenning til om laget kunne hevda seg i øvste divisjon også i 2022 til tross for at man hadde mista 8-10 sentrale spelarar. Laget hevda seg godt mot dei beste juniorlaga i Hordaland og kjempa i toppen både i vår- og haustsesongen. Det enda til slutt med ein 2. plass på våren og ein 3. plass på hausten.

Juniorlaget deltok òg i NM. Laget oppnådde her det beste resultatet eit lokalt juniorlag har hatt i nyare tid. Etter innleiande rundar stod det 16 lag igjen i Noreg, som skulle kjempa om ein kvartfinaleplass. Stord møtte Brann heime med ei flott ramme. Til tross for at Stord tok leiinga måtte me til slutt gi tapt 1-4 mot eit godt Brann lag.

2022 var også året kor det igjen var klart for summer-cup. Junior deltok i Norway Cup. Sosialt var det veldig vellykka med hotellopphald i sentrum av Oslo og ein sær sars god kameratgjeng. Sportsleg var det ein nedtur at laget ikkje kvalifiserte seg til a-sluttspel med knappast mogleg margin. I b-sluttspellet var laget ustoppelig og vant kamp etter kamp med store sifrer og flott fotball. Det enda med seier 6-0 i finalen mot Tromsø etter ei oppvisning. Av alle 78 juniorlaga blei Stord det laget med klart flest mål - og det enda med ein sterk målskilnad på 40-5 i turneringa.

I haust har fleire spelarar frå G16 tatt steget opp i juniorgruppa. Det har vore gledeleg å sjå at det gror godt i klubben. Sesongen 2023 vil desse utgjere stamma i eit ungt men vonleg treningsvillig juniorgruppe.

Gjennom sesongen har ein og lagt til rette for sosiale arrangement som mellom anna felles måltid i klubbhus, golf turnering, Norway Cup og avslutningsfest.

Gruppa har talt 20-24 spelarar.

Hovudtrenar: Heine Nysæther Storevik
Kontaktperson: Trond Eirik Samdal Nielsen
Kasserar: Jan Kennet Henriksen



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

JUNIOR 2

Året 2022 har kort oppsummert vore ein einaste stor opptur for G19-2.

Tidleg i februar kom Sander og Marius inn for å ta på seg ei oppgåve fleire ikkje ynskja seg. Dei fekk ei kort oppsummering av korleis 2021 gjekk, og målet var først og fremst at 2022 skulle verta eit betre år enn 2021.

På dei innleiande treningane var laget i snitt 12-14 mann, men interessa steig etter kvart som vekene gjekk.

Laget gjekk inn i G19 3 divisjon, usikre på kva me egentleg kunne forventa, men målet var først og fremst at G19-2 skulle verta eit kjekt tilbod igjen for klubben.

Når serien endeleg starta, så var det aukande optimisme i laget.

Laget opna med 7-1 seier mot Bønes, plutsleg byrja treningsgruppa på då 16-20 mann per trening å byrja snakka om å vinna heile serien. Noko laget gjorde, då me slo Solid i Hustrudalen i siste serierunde.

Som eit resultat av dette, så meldte laget seg på i G19 2 divisjon, noko alle tok på strak arm. Det endte med 2 tap, og ein respektabel 5 plass i serien i høst, over all forventning.

Inn mot den kommande sesongen så har spelarane satt seg et mål om å hamna i toppen av 2 divisjon, noko som ser veldig lovande ut.

Utover året som har gått så har eg opplevd som trenar at både stemninga og populariteten rundt G19-2 berre aukar. Per no så har me fått spelarar frå Solid, Trott og Fitjar og me ligg på rundt 20 per økt.

Me har trent 3-4 økter i veka no i 1 år, noko som har fungert bra.

Per no er da kun Sander Stokka som er trenar, då Marius Håvik har flytta.

Trenarar 2022: Sander Stokka, Marius Håvik

Lagleiar 2022: Karin Toft



DAMER

Damelaget

Sesongen 2022 har for damelaget vært ein sesong med mykje fråfall og mange yngre nye spelarar i troppen. I starten av vårsesongen trena Dame 1 og Dame 2 kvar for seg. På grunn av lavt treningsoppmøte for begge lag, valte me å slå saman treningsgruppene før vårsesongen var omme. Dame 2 spela vårsesongen, men det viste seg svært vanskeleg å få nok spelarar til kampane og ein klarte ikkje å stilla lag i to kampar. Laget vart difor diskvalifisert frå serien og fekk ikkje fullføra sesongen. På hausten vart det i staden starta opp eit Jenter 17 lag som då «tok over» Dame 2 sine spelarar og treningsgruppa inneheldt i haustsesongen spelarar frå Dame 1 og Jenter 17.

Damelaget spela i 2. divisjon denne sesongen, og det viste seg at det var ein litt for tøff serie for oss med det mannskapet me hadde. Me hadde fleire spelarar som vart skada gjennom sesongen, samt at me mista fleire spelarar til andre klubbar. Totalt spelte me 22 seriekampar: uavgjort mot Staal Jørpeland elles enda alle dei andre kampane med tap. Laget enda heilt sist på tabellen.

Me har gjennom heile sesongen vært bevisst på at laget og kvar enkelt spelar heile tida skal få utvikling og bli betre dag for dag. Fleire spelarar har gjort store framsteg gjennom sesongen som viser at treningsarbeidet har vært nyttig, dette vil me bygga vidare på neste sesong.

Me hadde ei trening-/sosialsamling i Stavanger mars månad, i tillegg hadde me sesongavslutning i Stavanger med sosialt samvære etter siste seriekampen.

Me har hatt følgjande treningsgruppe: Vilde Folgerø (kun vårsesongen), Martine Mellemstrand, Ida Mortensen Natvik (til Avaldsnes våren), Tiril Kvarven (til Haugesund haustsesongen), Emma Matre, Linea Vestbøstad (skada heile sesongen), Tuva Skibenes, Victoria S. Bjelland Hennis, Siren Vik, Marion Træet (kun vårsesongen), Alva Farstad Skåla (til Arna Bjørnar haustsesongen), Lina Klingsheim (skada heile sesongen), Helle Bjelland Vik (kun vårsesongen), Kristine Lygre, Mathilde Alfarnes Amundsen, Ruth Maria Myklebust, Nora Ekse (kun vårsesongen), Trisha Abrahamsen, Ruth Maria Myklebust, Bettina Guddal, Leah Pawa, Live Kvammen Haukefær, Elisabeth Rydland (kun vårsesongen), Anna Fosse, Ailin Heidenreich-Ris, Rebekka Hrafinsdottir Tverborgvik (kun vårsesongen), Viktoria Sæterbø Nordbustad (kun vårsesongen), Andrine Korsvik, Anne Gramstad, Sofie Stenberg, Emma Bjellebø, Frida Kyvik Skard, Denice Bratthammer,lea Skåla Veslemøy Helland og Adele Grov Dahlgren

Trenar: Øyvind Mellemstrand (Hovudtrenar), Atle Erslund (trenar), Børre Pedersen (keeper trenar)
Lagleiar: Tonje Aamot Haga og Anders Ekse
Kasserer: Anders Ekse

Arrangement

Me har arrangert 11 heimekampar i år, kiosk og vakter har vært organisert av Stord Fotball. Det har vært i gjennomsnitt 50 tilskodarar pr. kamp.

Me vil takka alle friviljuge som har stilt opp som mannskap på arrangementa våre som kampvertar, speaker, kiosk organisering etc.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

Utvalet har gjennom året hatt fleire møter og handsama ulike saker.

Kompetanse og kursing har vore ein viktig del av utvalet sitt arbeid. Her har ein arbeidd godt i lag med rekrutteringsansvarleg i klubben. Det er fint å sjå at mange i klubben vår tek kurs og byggjer kompetanse. Det styrker oss som klubb og er også naudsynt inn mot arbeidet som kvalitetsklubb. Utvalet vil framover arbeide og motivere endå fleire til å ta kurs.

Kvalitetsklubb og sportsplan har og vore saker som utvalet har brukt tid på. Vi opplever desse dokumenta og retningslinjene som ein klar styrke og gode verktøy for å dra arbeidet vårt i ei god og felles retning. Dette er og naturlege ting å løfta fram i møta med dei ulike laga ved sesongslutt/sesongstart og i felles trenar- og lagleiarmøte. Desse møta er viktige i årshjulet og i utviklinga av arbeidet vårt. Å bruke god tid på samsnakk og oppsummering av fjorårets sesong og gjennomgang av planar for kommande sesong gir god framdrift, eigarskap og forankring.

Utvalet har gjennom året sett behovet for å samlast litt meir i bredda og på tvers, kor både born, ungdom og junior/senior herre/dame er med, i tillegg til funksjonar som rekrutteringsansvarleg, kvalitetsklubbansvarleg og FairPlay-ansvarleg. Me ser at ein del saker, problemstillingar og tematikkar ofte kryssar alderstrinn. Dette vil me fortsette med inn i det nye året.

I utvalet 2022:

Svein Ove Eikenes

Gøran Odland

Kristine Mikkelsen Sæther

Julie Berger

Trond Eirik Samdal Nielsen

Kristine og Julie trer no ut frå utvalet. Me takker dei for stor innsats. Nye medlemmer i 2023 er Torill Eide og Halvor Jordåen.



JENTER 13

I 2022-sesongen har J2009 vore i fin gruppe med 20 jenter frå Leirvik, Langeland og Sagvåg. Dei fleste har vore med i fotballen i mange år og kjenner kvarandre godt, og før sesongen fekk me og ein ny spelar frå Solid som har vore eit flott tilskudd til gruppa på alle måtar.

Laget har hatt to til tre treningar gjennom heile året med unntak av sommarmånadane, og det er kjekt å sjå at dette har gitt resultat ved at mange har tatt store steg! Fleire av jentene har hospitert opp til J2008 både på trening, og i kampar ved behov.

Alle jentene gjennomførte dommarkurs i august og mange dømte sine fyrste kampar under Puttefestivalen. I tillegg har og fleire hatt dommaroppdrag i seriekampar og -helger i haustsesongen.

I seriespelet stilte me med to lag; eitt i 1. divisjon i Rogaland og eitt i Sunnhordlandsserien (2.div). I Rogalandsserien enda me på 2.plass og i Sunnhordlandsserien endte sesongen med ein fin 1. plass.

Sommarturneringa vart lagt til Kristiansand og Sør Cup der me deltok med eitt 9'ar lag og eitt 7'ar lag. 9'ar laget kom til kvartfinalen i A-sluttspillet og 7'ar laget fekk ein fin andreplass i A-sluttspillet etter eit knepent tap i finalen på Sør Arena. Dette var ei fin oppleving for heile gruppa, både sportslig og sosialt. Ellers i sesongen har me deltatt på Lerøy-cup i Bergen og Mestergull-cup i Haugesund.

Me har hatt ti spelarar innom sonegruppa til Sunnhordland og ni av dei har representert Team Sunnhordland på soneturneringar i regi av kretsen. Ei av jentene har deltatt på kretstreningar gjennom hausten og representerte Hordaland i eliteturnering på Hamar i oktober 2022. Ho har no tatt steget fast opp til J2008-gruppa, men me har og fått ei ny jente på laget som gjer at me ved inngangen til 2023-sesongen fortsatt er 20 jenter i gruppa.

Me ser fram mot første sesong på full 11'ar bane, og me er allerede i gong med planlegging til sommarens store oppleving i Dana Cup.

Trenarar har vore Rune Tverborgvik, Asle Skulstad, Tone Bergsvåg og Espen Lone.

Lagleiarar har vore Torunn Meland Madtsen og Kristine Mikkelsen Sæther.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

GUTAR 13

Totalt 33 spelarar - største gruppa på Stord vil trur me. Stort treningsoppmøte med opp i mot 30 på kvar trening. Me har tolka det som at gutane har trivst og hatt det kjekt på trening.

To lag, med tre treningar i veka. Siste trening 22 desember, det er ein ivrig gjeng som har vore med.

Me har hatt eit lag i første div i Haugaland, eit i 2 div Sunnhordland. Begge lag kom på 2 plass i sesongen.

Me har vore på Sør cup, med 3 lag - eit 9'ar lag, og to 7'ar lag. Kjempe kjekk tur.

Det eine 7'ar laget vann B-sluttspellet. Veldig god innsats av begge lag.

Me har deltatt på Adidas cup, og vart slått ut i 16 del finale på straffekonk av dei som vann heile cupen.

Me vann Bauge elite cup med 1 div laget, 15 spelarar med. Første lag frå Stord som har vunne denne cupen.

Har òg deltatt på Haugesund Sparebank cup, med to jamne lag påmeldt, der eine laget vann B-sluttspel.

Trenarar: Remy Smolka, Kjetil Lindeflaten, Jesper Spissøy, Olav Sævareid

Lagleiar: Linda Laukhamar



GUTAR 14

Stord G-14 (2008) har halde stabilt på medlemsantallet og talde forrige sesong 28 gutar. 4 av dei kom til i løpet av hausten frå omkringliggande klubbar. Laget består opprinneleg av lag frå Langeland og Leirvik, og har gjennom åra utvikla seg til å bli ein god og sammensveisa gjeng der trivsel er eit stikkord. Dei gode trenarane har ein stor del av æra for dette, med mykje fokus på inkludering og samhold.

Gutane stilte lag i to seriar i 2022, og spelte totalt 28 kampar. Sesongen var hektisk med kampar, reiser og trening innimellom, men ingen klaga. Resultatmessig gjekk det litt opp og litt ned, og då klaga ein gjerne på dommaren ved det siste. Men stort sett har kampane gått fint og dei har fått bryna seg på motstandarar av varierende nivå.

Det absolutte høgdepunktet i sesongen var Norway Cup. Spelemessig gjekk det ikkje heilt etter oppskrifta, men sosialt var det ein innertiar. Gutane og trenarane budde på hotell midt i Oslo og fekk ei fin veke i lag i hovudstaden. Omtrent halvparten av foreldra hadde tatt turen over fjellet for å heia på gutane og satte ei fin ramme rundt kampane på Ekebergsletta.

Alle gutane ser for seg å vera med vidare til neste sesong.

Trenarar: Nils Olav Svarstad, Karl Einar Salomonsen, Kristian Matre, Kjell Robert Stokka.

Lagleiarar: Kathrin Klingsheim og Maren Hvidsten Lien.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

JENTER 14

J-14 laget består, per utgangen av 2022 av 15 aktive fotballjenter som trivs godt ilag og likar seg godt på fotballbanen. Mange av jentene har trena fotball ilag heilt sidan første klasse.

Jentene har tre til fire treningar per veke.

Sesongen 2022 spela laget i Rogalandsserien. Der gjorde me det godt og spela oss til finaleplass i Kretsmeisterskapet. Stord J-14 drog i land sølv, og var godt nøgde med sesongen.

Før sesongstart deltok me i Vintercup for Nord-Rogaland og Sunnhordland. Cupen enda med "lokaloppgjer" med Stord og Trott i finalen. Stord var best, og vann Vintercupen.

Jentene deltok også på Sør Cup for første gang i 2022. Ein veldig kjekk cup og mange gode minner til minne-banken. Også her gjorde jentene det strålande, og kunne reise heim med gull-trøyer og gull-medaljar som vinnarar i årsklassen 2008.

2022 var eit veldig bra år for J-14 laget, både i serie- og i cup-samanheng.

Trenarane for laget er Sigve Hellesfjord og Ørjan Økland Stokka.

Lagleiar er Tove Oldereide Bjørk.



JENTER 15

Stord Fotball J15 er nok ikkje laget som har fått mest merksemd av laga i klubben sjølv om engasjementet i gruppa og prestasjonane til jentene jamt over har vore gode.

Me på og rundt laget er opptekne av at alle skal vera med og at alle skal vera reale, bli sett og respektert. Dette har me trua på og dette er kanskje ei av årsakene til at me er såpass mange og blide. Per i dag er me 23(!) spelarar som er glade i å trenast og å spela kamper.

Høgdepunktet sesongen 2022 er sjølvst Dana Cup i Hjørring. Her kom me vidare til A-slutspillet, me vant 1/16-finalen på straffer og me tapte 1/8-finalen 1 – 0. Her var me godt nøgde med det sportslege, men vel så nøgde med det sosiale. Dette var ei stor oppleving etter to år med pandemi.

I serien kom me på tredjeplass etter nokre unødige tap, noko som kom av stor belastning i byrjinga av haustsesongen. Det tek på å driva med andre aktivitetar i tillegg til skule. Under Bauge Cup kom me også til A-slutspillet, noko som var ei forbetring frå i fjor. Her viste me at me ikkje står tilbake for verken Madla, Hinna, Loddefjord eller Haugar.

Elles har me hatt noko fråfall etter sesongslutt. Fire spelarar har slutta, men me har også fått fire nye. Ei ny frå Moster og tre frå «gamle» Stord J17.

Elles ser det ut til at eit par av våre jenter skal spela A-lagsfotball, noko som kan bli ei fin utfordring for dei. Med omsyn til jentene det gjeld og jentene som blir att må nok me som klubb og vaksne rundt J17 ta tak i utfordringar som måtte koma.

Me rundt J17 ser fram mot samarbeid både oppover og nedover.

I haustsesongen har me framleis hatt med oss Trygve Tollaksen som hovudtrenar. Med seg har han hatt Lars Petter Vatna og Åsmund Sørffonn.

Per Christian Rognli har vore lagleiar og Eivind Birkeland er ass. lagleiar, logistikk- og forsyningsminister og leiar for supporterklubben J15-Engleberget. Fleire av dei same namna blir også med i 2023 i tillegg til nokre nye.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

GUTAR 16

Stord G16 inneheld i sesongen 2022 omlag 35-36 spelarar. Eit par spelarar gav seg med fotball og eit par tilkomstar kom til før, og i løpet av sesongen. Spelarane er fødde i 2006 og 2007. Fordelinga var på slutten av sesongen 20 gutar fødde i 2006 og 15 gutar fødde i 2007. Samanslåinga av desse to kulla gjekk smertefritt, men det var noko uvisse i gruppa rundt kvar ein stod sportsleg sett. Etter møter og samtaler med gruppa valgte me å melde eitt lag på i 1.div Hordaland og eitt lag i den lokale G16 serien.

1.div hadde 12 plassar og 18 påmelde lag. Me måtte derfor spela kvalik og trakk Bremnes og Fana. Me enda med å spele 2.div etter tap i kvalik. Til informasjon enda Bremnes og Fana på 2. og 3. plass i vårserien. Eitt poeng bak gruppevinnar i 1.div.

I vårsesongen melde me oss på Telenor cup («NM»). Der møtte me eit godt Åsane lag og tapte mot dei. Me meinte likevel at det var framgang fra forrige møte med Åsane året før.

I serien hadde me ein sterk vårsesong for lag1. Det enda med 2. plass i gruppa og med kun eitt tap som var mot gruppevinnar Nest Sotra (5-3). Haustsesongen var ganske lik vårsesongen og me enda nok ein gang på 2.plass, denne gangen bak Smørås som kom ned fra 1.div i vårsesongen.

For lag 2 var det ein vanskelig sesong. Gruppa var så stor at det vart litt lite utveksling mellom laga og det enda med fleire svake resultat både vår og haust. Det kom seg noko på slutten av sesongen og me enda sesongen med ein seier i siste kamp.

Begge laga var med på Dana cup. Dette var stor stas for gruppa etter magre cup-år under korona pandemien. Me hadde felles busstransport ned til Kristiansand samen med J15, og budde sentralt i Hjørning på ein skule der.

Dana cup vart ikkje ein sportslig opptur. Dette skyltes delvis at me mangla ein del sentrale spelarar. Begge laga hamna i B-sluttspillet og vart slått ut i løpet av dei første rundane der. Lag 1 kom lengst, men måtte til slutt gi tapt for lokale gutar frå Hjørning. Likevel hadde me ei fantastisk reise og fekk den oppturen mange hadde drøymt om. Me møtte lag frå Sverige, Danmark, Tyskland og Norge. Spelargruppa oppførte seg eksemplarisk på heile turen og det var god stemning.

Over halve spelargruppa er no klare for junior fotball. Det er fleire spelarar som har tatt store steg det siste året og ein av dei er allereie engasjert i trening med A-laget. Me ser ei god gruppe på 7-8 spelarar som trener godt og som er klar for å satse på junior nivå. I tillegg er det fleire som ser mot junior 2 og blir med vidare der.

Trenarsteam har vært Kjell Petter Neset (hovudtrenar), Frode Gravdal Olsen, Bjarte Endal, Frode Havn og Roger Møgster. Leif Tore Lid bidrog også på mange treningar som keeper trener. I tillegg var Einar Valland med på enkelte treningar i løpet av sesongen. Hege Våmartveit hadde lagleiaroppgåva.



DAMER 2 - JENTER 17

Me starta vårsesongen 2022 med eit Dame 2 lag i 4 divisjon.

Her fekk me fort problemer med antall spelarar då me måtte avgi flere spillere til Dame 1, då dei var for få spelarar. Etter å ha måttet avlyse 2 kamper då me ikkje klarte å stille lag, vart me nødt å trekke dette laget for haustsesongen.

Haustsesongen stilte me då heller med eit J17 lag kor me då kunne benytte oss av J15 spelarar slik at me kunne stille lag, samt gje alle eit tilbod.

Her startet me med nokre tap, men spelte oss godt opp, og endte til slutt midt på tabellen.

På grunn av at fleire spelarar vart tatt opp i Dame 1 gruppa, og me satt igjen med et lite antall spelarar, beslutta me at våre treningar vart gjennomført saman med Dame 1.

Høgdepunktet for sesongen var Danacup.

Me reiste ned med 15 spelarar og hadde ein fantastisk tur. Samhaldet, humøret og gleda jentene viste var heilt utruleg. Dette var noko dei fortjente etter fleire år uten cup, og gav positiv energi i gruppa. Resultatet vart ein 1/16 finale i A-sluttspillet.

Trenarar for sesongen var Øyvind Skåla, Thomas Steenshon og Lars Klingsheim.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenarar, lagleiarar som brukar fritida si på å gje born og unge eit godt tilbod i klubben, og til slutt takk til alle sponsorar og støttespelarar som har vore med å bidratt i 2022.

Me kan snart byrje å sjå fram til ein spanande fotballsesong, for alle laga i løpet av 2023.

Stord 28.02.2023

Nina Sleen
Styreleiar

Aud M. Litlabø
Nestleiar

Mika Visti
Styremedlem

Kjetil Skulstad
Styremedlem

Jarand Helland
Styremedlem

Linda Heidenreich-Riis
Styremedlem

William Rafdal
Varamedlem



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

| | |
|---|--|
| <p>Kjetil Skulstad Styremedlem På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5993-4-3417622 IP: 194.239.xxx.xxx 2023-02-28 13:43:59 UTC</p> <p> </p> | <p>William Rafdal Varamedlem På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5994-4-2361046 IP: 144.177.xxx.xxx 2023-02-28 14:00:18 UTC</p> <p> </p> |
| <p>Linda Heidenreich-Riis Styremedlem På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5993-4-975347 IP: 79.161.xxx.xxx 2023-02-28 14:01:06 UTC</p> <p> </p> | <p>Mika Hans Antero Visti Styremedlem På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5999-4-1637414 IP: 81.167.xxx.xxx 2023-02-28 14:18:27 UTC</p> <p> </p> |
| <p>Aud Margrethe Litlabø Nestleder På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5993-4-2660498 IP: 144.177.xxx.xxx 2023-02-28 14:51:45 UTC</p> <p> </p> | <p>Nina Sleen Styreleder På vegne av: Stord Fotball Serienummer: sleennina@gmail.com IP: 79.160.xxx.xxx 2023-03-01 06:45:19 UTC</p> <p>Mina H. Sleen</p> |
| <p>Jarand Inge Helland Styremedlem På vegne av: Stord Fotball Serienummer: 9578-5993-4-1742349 IP: 144.177.xxx.xxx 2023-03-03 11:00:08 UTC</p> <p> </p> | |

Penneo Dokumentnøkkel: CP7Q0-1PBKS-JKA08-80V02-WTEKO-DF2LF

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmøte 2023 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Stad: Idrettstova Vikahaugane

Tid: Onsdag 03. mars 2023 kl. 18:00

Saksliste:

1. Godkjenning av medlemar med røysterett
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av ordstyrar
4. Val av referent
5. Val av to til å underskriva protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Samaslutning med Stord IL
10. Fastsetjing av medlemskontingent
11. Innkomne forslag
12. Val
13. Avslutning



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

6. Årsmelding

Innleiing

Frå og med årsmøtet i mars 2022 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre:

| | |
|----------------------------------|----------------------|
| Leiar | : Irinja Almås |
| Kasserar | : Nina Hagerup |
| Styremedlem ungdom | : Nina Mæland Polden |
| Styremedlem kart | : Åge Hovden |
| Styremedlem teknisk og nestleiar | : Tove V. Agdestein |
| Varamedlem | : Bjarthe Westerheim |

Styret hadde 2 styremøte i 2022, i januar og september.

I tillegg har desse nemndene fungert:

| | |
|-------------------|---|
| Kartråd | : Åge Hovden |
| Materialforvaltar | : Kenneth Westerheim |
| Rankingførar | : Ove Vedøy |
| Rekruttering: | : Ingen |
| Turorientering | : Storatraven: Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven: Gerda Øen, Jan Ove Øen |
| Valnemnd: | Anne Løver |
| Kontrollutval: | Henrik Ottesen, Brynhild Stautland (vara Arne Henrik Hovden) |

Arrangement

Lokalløp:

Sesongen starta med 2 sprintløp på våren (Skjersholmane , Føyno). Det blei elles arrangert 9 rankingløp og eit sprintløp (Nautøy). Stord orientering hadde ansvar for 5 rankingløp (i Landåsen, Presthaugshavet, Heiane, Vad og Digernes), Onarheim, Fitjar og Halsnøy hadde eit løp kvar. Sveio o-lag arrangerte eit nærløp på Førde, som er med i Sunnhordlandsranking. Totalt 12 nærløp i perioden mars-august.

Kretsløp: Etter 2 års pause, arrangerte o-laget Kristtornløpet søndag 24.april. Løpet gikk føre seg på Litlabø, med samlingsplass på anleggsområde der, i strålende sol. Tove Agdestein var løypelegger, Irinja Almås løpsleder, Henrik Ottesen resultatansvarleg og Gerda Øen koordinerte oppgåva i kiosken. Det var 145 deltakere, 13 løpere frå Stord. Nokre av dei yngste hadde ikkje sprunge før.

Nybyrjarkurs: O-laget hadde v/Malene Øen teorikurs i kart og kompass i april. Det var ca. 20 voksne deltakere.

Frivilligheitsåret: Gøy med orientering arrangement på Føyno i mai m/sprintløp, nybyrjarløype, o-quiz og o-bingo, samt frukt og bollar. Oppmøte blei ikkje så bra som ein håpa på, ca.10 besøkte.

Årsavslutning: Samling, premiering o-løp og tur-o og pizza blei arrangert i idrettstova i november.



Årsmelding 2022 – Stord Orientering I allianse med Stord allianseidrettslag



Artikkel om Kristtornløpet, bladet Sunnhordland



ORIENTERING: Eli Vikanes gjennomførte nybyrjarløypa i fin stil.

ALLE FOTO: JARLE KALDRÅSTØYL

Eli (88) gjorde «comeback»

– Ufatteleg artig. Dette blir nok ikkje mitt siste løp denne sesongen, sa ei imponerende opplagt Eli Vikanes etter målpassering i anleggsområdet på Litlabø.

► Jarle Kaldråstøyl
redaksjonen@sunnhordland.no

Den spreke pensjonisten vart utfordra av dottera, Tove Vikanes, som også var løypelegjar for Kristtornløpet 2022. 88-åringen tok utfordringa på strak arm.

– Ja, eg tenkte eg fekk prøva. Eg har jo heldigvis ikkje noko konkurranseinstinkt att og helsa er rimeleg bra, så eg følte ikkje eg hadde noko å tapa, seier Eli Vikanes.

Ho valde nybyrjarløypa.

– Eg tenkte at eg kunne komma meg gjennom 1,6 km-løypa. Det gjekk då også ganske bra. Litt problem vart det då eg tok feil av ein sti, men henta meg bra inn att. Ein liten pause på ein stein tok eg meg også tid



BYTE: Direkte frå fotball i Hustrudalen til o-løp. F.v. Juan Jose Rodriguez, Mikael Almås og Joel Fosse.

til. Elles så gjekk eg helle vegen. Eg jogga ikkje ein meter, seier Vikanes, som kjende seg trygg i sitt «comeback-løp».

– Eg hadde mobiltelefon i lomma så eg kunne tilkalla hjelp om det skulle bli nødvendig, men det vart det heldigvis ikkje. Skikkeleg artig var det faktisk, fastlår 88-åringen, som nok vil dukka opp på fleire løp utover i sesongen.

Krevjande terreng

Kristtornløpet i år gjekk i eit uvanleg krevjande terreng.

– Vanlegvis er vestlandsterrengen enkelt å orientera seg,

seier Åge Hovden, som har jobba fram kartet over løpsområdet på Litlabø.

– Men akkurat dette området har meir glidande overgangar, som me seier. Dei faste haldepunkta manglar ofte. Det er difor viktig å bruka kompasset ofte for å sjekka retninga. Kan nemna at landslagsløpar og tidlegare Stord-løpar, Kjetil Bjørlo, gjekk på ein smell som kosta han 20 minutt i dette området, fortel Hovden.

Trøysta seg med O-løp

Han er i full trening, men kjenner seg ikkje klar for kamp på



PLASTER PÅ SÅRET: Kneskade hindra han i å stilla for Stord i bortemøtet med Brann 2. Kristtornløpet var plaster på såret for Torbjørn Agdestein, som her gir mormor Eli Vikanes ein klem.

fotballbanen. Torbjørn Agdestein (30) valde difor ein distanse i Kristtornløpet framfor å følgja Stord til møtet med Brann 2.

– Må nok venta enno nokre veker for eg kan trø til for fullt på fotballbanen, men eit orienteringsløp kan gå inn som alternativ trening, seier den tidlegare fotballproffen, etter å ha gjeve mormor Eli Vikanes ein gratulasjonsklem etter hennar velgjennomførte løp i nybyrjarlassen.

Vinnar frå Ukraina

Det var heller langt mellom lo-

kale løypevinnarar denne gongen. Vyacheslav «Slava» Mukhidinov vann 7.8 km-løypa på tida 1:10.33. Han kjen opphavleg frå krigsherja Ukraina, men representerer no Varegg i Bergen.

Ole A. Vesterheim frå Fitjar gjekk til topps i klasse AK Open. Evigunge Ingolf Dybvik vann klasse herrar 80. Harald Vesterheim (Fitjar) følgde opp med siger i H 70.

Stordtetta Helene Nysæter vann klasse D 17-18. Ho representerer Varegg i Bergen.

I alt 140 løparar stilte til start i Kristtornløpet 2022.



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Hedersmerke gull til Åge Hovden og Arne Henrik Hovden. Også Henrik Ottesen fikk gullmerke. Hedersmerke bronse til Nina Hagerup.



Pakking av tur-o posar, Henrik Ottesen fremst.



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2022 – Stord Orientering



I allianse med Stord allianseidrettslag

| Løp.nr. | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | Gj. snitt |
|---------|-----|-----|-----|----|-----|-----|----|----|----|----|----|----|-----------|
| 1994 | 115 | 120 | 109 | 96 | 102 | 122 | 71 | 39 | 98 | 85 | | | 96 |
| 1995 | 96 | 93 | 80 | 90 | 66 | 84 | 68 | 80 | 79 | 58 | | | 84 |
| 1996 | 81 | 105 | 91 | 91 | 92 | 84 | 83 | 74 | 83 | 89 | | | 87 |
| 1997 | 108 | 76 | 87 | 83 | 79 | 94 | 92 | 85 | 70 | 51 | | | 83 |
| 1998 | 75 | 77 | 76 | 88 | 64 | 71 | 65 | 58 | 50 | 68 | | | 69 |
| 1999 | 72 | 71 | 069 | 75 | 52 | 66 | 73 | 80 | 70 | 49 | | | 68 |
| 2000 | 49 | 91 | 64 | 38 | 83 | 61 | 58 | 77 | 68 | 64 | | | 65 |
| 2001 | 63 | 59 | 59 | 90 | 48 | 34 | 60 | 62 | 59 | 62 | | | 60 |
| 2002 | 75 | 58 | 53 | 64 | 63 | 45 | 44 | 57 | 41 | 45 | 56 | 57 | 55 |
| 2003 | 66 | 72 | 60 | 71 | 69 | 68 | 54 | 50 | 60 | 54 | 58 | 38 | 60 |
| 2004 | 65 | 61 | 53 | 57 | 66 | 31 | 54 | 54 | 51 | 64 | 67 | 66 | 58 |
| 2005 | 53 | 64 | 42 | 51 | 50 | 44 | 45 | 52 | 60 | 62 | 59 | 66 | 55 |
| 2006 | 38 | 53 | 61 | 54 | 74 | 57 | 54 | 57 | 35 | 50 | 60 | 65 | 55 |
| 2007 | 56 | 57 | 59 | 43 | 60 | 47 | 62 | 42 | 65 | 58 | 58 | 60 | 56 |

| | | | | | | | | | | | | | |
|-------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----|----|-----------|
| 2008 | 59 | 63 | 58 | 36 | 56 | 35 | 33 | 66 | 58 | 51 | 31 | 56 | 50 |
| 2009 | 49 | 72 | 55 | 40 | 53 | 51 | 44 | 52 | 35 | 56 | 51 | 56 | 49 |
| 2010 | 66 | 69 | 47 | 28 | 58 | 51 | 38 | 30 | 55 | 59 | 50 | 49 | 50 |
| 2011 | 69 | 59 | 66 | 40 | 43 | 41 | 35 | 44 | 49 | 63 | 54 | 36 | 50 |
| 2012 | 57 | 67 | 36 | 75 | 48 | 47 | 55 | 62 | 61 | 51 | 55 | 53 | 55 |
| 2013 | 78 | 62 | 70 | 36 | 56 | 69 | 63 | 61 | 58 | 41 | 65 | 49 | 60 |
| 2014 | 65 | 68 | 56 | 41 | 62 | 26 | 51 | 63 | 49 | 48 | 33 | | 52 |
| 2015 | 72 | 56 | 39 | 43 | 51 | 42 | 49 | 35 | 35 | 39 | | | 46 |
| 2016 | 63 | 41 | 63 | 36 | 36 | 59 | 40 | 35 | 32 | 40 | | | 44 |
| 2017 | 46 | 32 | 48 | 38 | 34 | 39 | 37 | 36 | 42 | 27 | | | 38 |
| 2018 | 31 | 39 | 32 | 28 | 31 | 26 | 41 | 20 | 22 | 40 | | | 31 |
| 2019 | 40 | 37 | 29 | 39 | 35 | 31 | 23 | 13 | 18 | 33 | | | 30 |
| 2020 | | | | | | | | 27 | 24 | 20 | | | |
| 2021 | | | | | | | 25 | 25 | 16 | 34 | | | |
| 2022 | 19 | 26 | 24 | 18 | 33 | 7 | 27 | 18 | 35 | | | | 23 |

Sportslege resultater

Vestlandsmesterskapet (DM) i Bergen 20-21.8, IL Gneist:

| Plass | Navn | Klasse | Tid | Diff |
|-------|--------------------|------------|---------|--------|
| 3 | Ingolf Dybvik | H 80- (6) | 56.06 | +2.46 |
| 7 | Kenneth Westerheim | H 21- (13) | 1.35.46 | +22.40 |
| 7 | Henrik Ottesen | H 50- (22) | 56.28 | +7.46 |



Årsmelding 2022 – Stord Orienteering

I allianse med Stord allianseidrettslag



| Plass | Navn | Klasse | Tid |
|-------|--------------------|------------------|----------------|
| 4 | Mikael Almås | N2-åpen 9-16 (6) | 18.57 |
| 4 | Irinja Almås | D 40- (6) | 36.43 |
| 6 | Henrik Ottesen | H 50- (18) | 28.33 |
| 7 | Kenneth Westerheim | H 21- (14) | 38.11 |
| | Emily Almås | C-åpen 10-16 (4) | diskvalifisert |

KM lang 28.8, TIF Viking:

| Plass | Navn | Klasse | Tid |
|-------|--------------------|-----------|---------|
| 2 | Kenneth Westerheim | H 19- (6) | 1.13.55 |

Kristtornløpet 24.4, Litlabø:

| Plass | Navn | Klasse | Tid | Diff |
|-------|--------------------|------------------|----------------|--------|
| 0 | Mikael Almås | N1-åpen (9) | 52.31 | |
| 0 | Joel Fosse | N1-åpen (9) | 52.29 | |
| 0 | Juan Rodriguez | N1-åpen (9) | 52.19 | |
| 0 | Ingeborg Øen | N1-åpen (9) | 14.26 | |
| 1 | Ingolf Dybvik | H 80- (3) | 42.43 | |
| 2 | Emily Almås | N2-åpen 9-16 (9) | 19.49 | +0.11 |
| 3 | Eli Vikanes | N2-åpen 17- (5) | 56.45 | +34.24 |
| 3 | Malene Øen | D 19- (3) | 1.21.55 | +24.11 |
| 3 | Jon Magne Bratseth | H 60- (8) | 52.52 | +7.48 |
| 5 | Torbjørn Agdestein | B-åpen 17- (10) | 50.04 | +11.27 |
| 8 | Live Øen | N2-åpen 9-16 (9) | 34.23 | +14.45 |
| | Harald Haugen | H 80- (3) | diskvalifisert | |
| | Sigvald Robberstad | H 70- (8) | diskvalifisert | |

Turorientering

2022 var 51. gongen det vart arrangert turorientering på Stord. Det er framleis svært god deltaking sjølv om det i 2022 var ein liten nedgang frå dei mest intense Korona åra. Det vart seld 876 tur-o konvoluttar totalt for begge «travane», Storatraven 454 stk og Litlatraven 432 stk.

Karta i år for Storatraven var Dyviksåto, Fjellstova, Nautøyo og Røyrtydno. For Litlatraven var det Nautøyo og Långehøljane. Det var svært populært med postane på det nye kartet på Nautøyo.

516 personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2022. Totalt 84 personar tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 180 personar i Litlatraven (30 postar). Det var 66 personar som tok alle 90 postane.

Det var bra deltaking på merkeutdelinga spesielt blant dei som fekk gullmedalje i Litlatraven. Det vart delt ut gåvekort etter trekning på premieutdelinga, vinnarane er lista opp i tabellen under.



Årsmelding 2022 – Stord Orientering




I allianse med Stord allianseidrettslag

| Premie | Namn | Namn | Namn | Namn | Namn |
|--|--------------------|-------------------|-----------------------|---------------|----------------------|
| Storatraven (ST) alle postar 3 a' 500 kr | Aud Bakken | Svein Atle Nipen | Fred Ola Bjørnstad | | |
| Litlatraven (LT) alle postar 5 a' 300 kr | Inger Marit Larsen | Jeanette B. Olsen | Malvin Severin Eikemo | Monica Vik | Sigbjørn Arvid Sætre |
| Alle mnd post 1 a' 1000 kr | Jostein Dahl | | | | |
| Alle postar LT+ST, 1 a' 1000 kr | Lillian Tjelmeland | | | | |
| Deltakarpremier, 5 a' 300 kr | Jostein Dahl | Eva Vatna | Oliver Eldøy | Johannes Gram | Hilde Jæger Bratseth |

Storatraven vart arrangert for 51. gong og Litlatraven for 10. gong.

| Statistikk tur orientering | år | | | | | | | | | | | |
|----------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Selde tur o posar | | | | | | | | | | | | |
| Storatraven (1972) | 213 | 277 | 278 | 278 | 244 | 297 | 306 | 257 | 287 | 497 | 513 | 454 |
| Litlatraven (2013) | | | 150 | 185 | 175 | 210 | 253 | 200 | 245 | 466 | 502 | 422 |
| Totalt begge | 213 | 277 | 438 | 463 | 419 | 507 | 559 | 457 | 532 | 963 | 1015 | 876 |
| Personar delteke : | | | | | | | | | | | | |
| Tur-o nett brukar | 114 | 122 | 188 | 148 | 167 | 218 | 236 | 202 | 234 | 624 | 736 | 516 |
| Alle postar Storatraven | 36 | 52 | 67 | 52 | 53 | 73 | 77 | 77 | 77 | 162 | 232 | 84 |
| Alle postar Litlatraven | | | 42 | 44 | 55 | 60 | 64 | 65 | 121 | 329 | 286 | 180 |

Tur Orientering Stord



Stolpejakten

2022 var 2. året for Stolpejakten på Stord. Det blei inngått avtale med Stolpejakten.no, og samarbeidsavtale med Haugaland Kraft. Stolpejakten er tenkt som eit lågterskeltilbod for alle, uavhengig av kartkunnskap.



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Sesongen 2022 varte frå juni ut oktober for å ikkje kollidera med tur-o. Det var totalt 50 postar i Sagvåg/Litlabø og Leirvik/Rommetveit områda som vart bra besøkt, 1337 deltakarar. Mange av deltakarane var frå andre deler av landet. Dei fleste stolpane var i kategorien grøn (enklaste kategori) og var plassert ved gang/sykkelveg eller turveg.

Ungdom og rekrutt

Stord orientering samarbeidde med Moster idrettslag om nyrjaropplegg «Gøy med kart» også i 2022. Treningane var på Moster skule, Nautøy og på Føyno i april-mai. Ca. 6-12 barn per trening.

Stord orientering hadde innføring i orientering for Trott allidrett og for Solid (to gongar kvar), i september-oktober, og me lagde også ei enkel løype på Vikahaugane og ei i Landåsen for aktivitetsleir i regi av Stord bordtennis i juni.

Kart

Alle kart er oppdatert men enkelte nye hogstfelt er ikkje med. Kartarbeid er utført av Åge Hovden.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa gikk i 119 124,- (mot 78 619,- i 2021)

For turorientering resultat blei resultat 106 190,- (mot 142.430,- i 2021). Samarbeidsavtale med Haugaland kraft knytt til Stolpejakten for andre året (av to), var eit inntekt på 50.000,-. Grunna veldig mange søknad kunne ikkje Haugaland Kraft støtte Stord orientering i år. Det er i februarar søkt om midlar hos Vestland fylkeskommune.

Det blei ikkje gjort store innkjøp, vare og driftskostnader var (43 545,-) var såleis noko lågare enn året før.

W. Engelsen Ettf AS har sponsa løpsannonser dei to siste åra, og vil vere med vidare også i 2023.

Styret

7. Rekneskap

8. Budsjett

| Konto | Kontonavn | Budsjett 2022 | Resultat 2022 | Budsjett 2023 |
|------------------------------|--------------------------|---------------|---------------|---------------|
| SALGSINNTEKTER | | | | |
| 3110 | Salg materiell avg.fritt | 0 | | |
| 3120 | Sponsorer | -50000 | -50000 | |
| 3130 | Annonseinntekter | | | |
| 3140 | Dugnader | | | |
| 3441 | Andre tilskudd | | -4000 | -5000 |
| SUM SALGSINNTEKTER | | -50000 | -54000 | -5000 |
| ANDRE DRIFTSINNTEKTER | | | | |
| 3442 | Støtte LA-midler | -5000 | -3434 | -4000 |
| 3443 | Grasrotandel | -20000 | -11952 | -15000 |
| 3444 | MVA refusjon | -10000 | -13837 | -15000 |



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 9.3.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

| | | | | |
|--|--|----------------|----------------|----------------|
| 3920 | Årskontingenter | -15000 | -15397 | -15000 |
| 3971 | Kiosksalg | -5000 | -1130 | -1500 |
| 3981 | Lokale stevner og arr. | -15000 | -13623 | -15000 |
| 3983 | Kretsløp og mesterskap | | | |
| 3985 | Turorientering | -95000 | -106190 | -100000 |
| 3986 | Stolpejakten | -50000 | -33500 | -15000 |
| 3990 | Egenandeler | | -6692 | |
| 3995 | Tilskot frå stat/kommune | | | -25000 |
| 3999 | Diverse inntekter | 0 | | |
| 2010 | Overføring frå kartfondet | | | |
| 2050 | Overføring frå fri egenkapital | | | |
| SUM ANDRE DRIFTSINNTEKTER | | -215000 | -205755 | -205500 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | | -265000 | -259755 | -210500 |
| STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER | | | | |
| 4200 | Innkjøp av klær | 0 | | |
| 4670 | Utgifter egne løp (premier/løpsavgift) | 20000 | 3218 | 5000 |
| 4671 | Kjøp av kioskvarer | 3000 | 2055 | 1500 |
| 4672 | Utgifter turorientering | 8000 | 44621 | 50000 |
| 4682 | Utgifter kretsløp (startkont.) | 15000 | 14429 | 15000 |
| 4683 | Utgifter KM/DM (startkont.) | | | |
| 4684 | Nasjonale løp og mesterskap | | | |
| 4686 | Stolpejakten | 4000 | 57913 | 30000 |
| 4688 | Rekruttering | 5000 | | |
| 4690 | Trening og instruksjon | | | |
| SUM STEVNE- OG AKTIVITETSUTGIFTER | | 55000 | 122236 | 101500 |
| ANDRE DRIFTSKOSTNADER | | | | |
| 6300 | Leie lokaler | 3000 | 0 | 0 |
| 6540 | Materiell og utstyr | 30000 | 6401 | 40000 |
| 6555 | Kart | 10000 | 0 | 10000 |
| 6700 | Revisjons- og regnskapshonorar | 10000 | 7754 | 10000 |
| 6705 | Regnskapshonorarer | 0 | | |
| 6800 | Kontorrekvisita | 2000 | 0 | 0 |
| 6820 | Trykksaker (o-info) | | | |
| 6840 | Aviser og tidsskrifter | 4000 | 560 | 3000 |
| 6860 | Medlemsmøter | | | |
| 6900 | Telefon og porto | 3000 | 2610 | 3000 |
| 6940 | Porto | 500 | | |
| 7040 | Forsikring | 2500 | 2461 | 2500 |
| 7090 | Andre kostnader | 17000 | 12839 | 15000 |
| 7140 | Reisekostnader | 2000 | | |



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

| | | | | |
|----------------------------------|------------------------------------|---------------|----------------|---------------|
| 7320 | Annonser | | 6270 | 7000 |
| 7410 | Kontingent og gaver, ikkje fradrag | 500 | 500 | 500 |
| 7420 | Gaver / blomster | 1000 | 3941 | 5000 |
| 7453 | Kontingent/tilskudd særkrets | | | |
| 7460 | Kontingent andre | | | |
| 7500 | Forsikringspremie | | | |
| 7700 | Styre- og bedriftsforsamlingsmøter | 2000 | | |
| 7770 | Bank og kortgebyr | 500 | 210 | 500 |
| 7771 | Gebyr Vipps | 500 | | |
| 7790 | Annen kostnad | 0 | | |
| | | | | |
| SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER | | 88500 | 43546 | 96500 |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | | 251500 | 165781 | 198000 |
| DRIFTSRESULTAT | | -13500 | -93975 | -12500 |
| 8040 | Renteinntekter | | -21149 | -25000 |
| 8051 | Renter av bankinnskudd | -16000 | -4000 | -5000 |
| 8159 | Andre rentekostnader (Vipps) | | | |
| 8070 | Annen finansinntekt | | | |
| 8170 | Renteutgifter/gebyr | | | |
| | | | | |
| SUM FINANS INNT./UTG. | | -16000 | -25149 | -30000 |
| ÅRSRESULTAT | | -29500 | -119124 | -42500 |

9. Samaslutning med Stord IL

9.1 Styret blir sitjande til avgjerd er fatta i Stord IL

9.2 Stord orientering vedtek at gruppestyret skal vera mellom fire og seks personar eller fleire om nødvendig.

9.3 Dersom forslaget om at Stord orientering skal samansluttast med Stord IL ikkje blir godkjent av Stord IL sitt årsmøte, skal Stord orientering avhalde ekstraordinært årsmøte med rett til å velje nytt styre som skal drifte klubben vidare. Årsmøtet skal haldast innan tre veker etter eventuelt avslag frå Stord IL.

Styret foreslår at Stord orientering skal samansluttast med hovudgruppa, Stord IL. Slik styret ser det vil vere ein fordel å vere del av ein større organisasjon, og det er fordel å ha færre oppgåver i lys av medlemstal har gått jemt ned. Fordel også å ha berre ein kontingent. Medlemstal er 52 ved utgangen av 2022.

Dagleg leiar i Stord IL Bjørn Lindgård om historikk:

På ekstraordinært årsmøte i Stord IL i 2011? valgte Fotball, Handball Elite, Orientering og Svømming å gå ut av idrettslaget som gruppe, og ble et allianselag. Handball og fotball gikk ut for de omsatte for større beløp, og med



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

dette måtte det stå ansvarlig for driften selv. + litt press fra andre grupper som var redd for sin økonomi. Svømming og Orientering som også da hadde solid økonomi, var redd for at deres penger kunne bli brukt av hovedlaget for å hjelpe andre grupper om det var behov for dette. De valgte samtidig å gå ut av hovedlaget, når handball og fotball gjorde det.

Når en er i allianse, må en bruke logo og noen grunnlover, men en er 100 % ansvarlig for økonomien selv. Med de krav som stilles av et styre ang drift.

Handball elite gikk inn igjen i Stord Handball i 2018, etter årsmøtene, svømmegruppe gikk inn etter årsmøtet i vår. Status pr i dag, så er Handball, Friidrett, Volleyball, Ski, Skøyter, og Turn er med i Stord IL. Kun Fotball og dere i Orientering som er i allianse. Alle gruppene drives godt, med sunn økonomi. Handballen har signalisert at om de begynner å satse igjen, vil de gå ut i allianse igjen.

Deres og de andre gruppene sin drift er avhengig av at Hovedlaget sitt årsmøte godkjenner deres regnskap og budsjett, slik at en føler at det er bra kontroll på aktivitetene i idrettslaget sine grupper. Samtidig så er det laget en matrise som gjelder for Stord IL, og undergruppene, som viser hvilke fullmakter de har, f. eks så må innkjøp over et vist beløp godkjennes av hovedlaget, samme med ansettelser mm.

Fordeler:

- Styret i gruppen blir ikke ansvarlig på samme måte økonomisk, Hovedlaget godkjenner budsjett og regnskap, og sånn sett også ansvaret.
- Økonomisk trygghet, med å vite at hovedlaget er i ryggen
- Slipper å ha/skaffe egen «revisor» og valgkomite og kontrollutvalg
- Medlemskontingenten blir sendt ut fra hovedlaget, dere slipper å fakturere ut egen liten medlemskontingent.
- Hovedstyret holder tråden i årsmøtet.
- Hovedlaget tar seg av søknader som LA-midler, momskompensasjon etc
- Hovedlaget gjennomfører idrett registreringer
- Trygghet i å være en del av noe større
- Fellesmøte med de andre gruppene, utveksling av erfaring og treningsmetoder
- Daglig leder som kan hjelpe ved behov
- Bredde skaper topp – topp skaper bredde, på tvers av gruppene i idrettslaget

Satus Quo:

- Må sette opp treningstider og skaffe trenere
- Ha kontakten med utøvere og foreldre
- Kontroll på medlemsregisteret
- Fakturerer treningskontingent



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



- Tilgang til styrkerom og møtelokale
- Søke på spillemidler til utstyr
- Sponsorar, web, stevner
- Søknadsprosesser mot stiftelser

Endring:

- Grasrotandelen går gjennom Hovedlaget, og dere får en sum fordelt etter antall medlemmer i gruppen. Beholdningen vil komme under hovedlaget, men pengene vil stå på orientering sin konto.

10. Medlemskontingent

Dersom Stord orientering blir med i Stord IL/hovudlaget skal det betalast følgjande medlemskontingent (lik for alle gruppene):

0-5 år kr 100

6-15 år kr 300

16- kr 350

Det blir ikkje andre kontingentar; Stord orientering har ikkje treningskontingent.

Dersom Stord orientering ikkje blir med i Stord IL foreslår styret medlemskontingent for 2023 blir det same som i 2022:

- Medlemmer opp til 17 år/studentar/skuleungdom kr. 100
- Andre over 17 år kr. 300
- Familiar (born under 20 år, t.d. 2 voksne og 2 barn 4x175kr) kr. 600

I tillegg kjem kontingent til hovudlaget Stord IL.

11. Innkome forslag

Ingen

12. Val

Valkomite sin innstilling:

Personar som er til val i år er utheva :

| | | |
|------------------------------|---|---|
| Leiar | : | Irinja Almås |
| Nestleiar | : | Tove Agdestein |
| Kasserar | : | Nina Hagerup |
| Styremedl.(tekn.) | : | Tove Vikanes Agdestein |
| Styremedl.(kart) | : | Åge Hovden |
| Styremedl. (rekr.) | : | Nina Mæland Polden |
| Vara medlem | : | Bjarthe Westerheim |
| Andre tillitspersonar | : | |
| Materialforvaltar | : | Kenneth Westerheim (kart/arr.utstyr) |



Årsmelding 2022 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



- Kartråd** : Åge Hovden
- Turorientering** : Henrik Ottesen, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes,
Gerda Øen og Jan Ove Øen
- Valnemnd** : Anne Løver og Øyvind Kyvik
- Kontrollutval** : Henrik Ottesen og Brynhild Stautland, vara Arne Henrik Hovden

13. Avslutning

Årsregnskap 2022

Stord Idrettslag

Resultatregnskap
Balanse
Noter

Org.nr.: 976 886 429



SIL ÅRSRAPPORT 2022

SAK 10 - ÅRSREKNESKAP

RESULTATREGNSKAP

STORD IDRETTLAG

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2022 | 2021 |
|---|----------|-------------------|------------------|
| Salgsinntekt | | 5 119 945 | 5 836 539 |
| Annen driftsinntekt | | 8 350 358 | 3 289 362 |
| Sum driftsinntekter | 1 | 13 470 303 | 9 125 901 |
| Varekostnad | | 4 360 678 | 404 480 |
| Lønnskostnad | 2 | 3 580 295 | 3 547 085 |
| Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler | 9 | 306 438 | 257 400 |
| Annen driftskostnad | 2 | 5 206 929 | 4 073 498 |
| Sum driftskostnader | | 13 454 341 | 8 282 463 |
| Driftsresultat | | 15 962 | 843 438 |
| FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER | | | |
| Finansinntekter | | 39 084 | 6 734 |
| Annen finansinntekt | | 9 672 | 8 000 |
| Annen rentekostnad | | 2 239 | 1 270 |
| Finanskostnader | | 0 | 2 893 |
| Resultat av finansposter | | 46 517 | 10 571 |
| Årsresultat | | 62 479 | 854 009 |
| OVERFØRINGER | | | |
| Avsatt til annen egenkapital | 6 | 62 479 | 854 009 |
| Sum disponert | | 62 479 | 854 009 |

| BALANSE | | | |
|--------------------------------------|-------------|-------------------|-------------------|
| STORD IDRETTSLAG | | | |
| EIENDELER | Note | 2022 | 2021 |
| ANLEGGSMIDLER | | | |
| VARIGE DRIFTSMIDLER | | | |
| Maskiner og anlegg | | 491 400 | 467 800 |
| Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr | | 128 400 | 196 000 |
| Sum varige driftsmidler | 9 | 619 800 | 663 800 |
| FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER | | | |
| Investeringer i datterselskap | 3 | 50 000 | 50 000 |
